



Brukarundersøking i Aurlandsdalen 2022

- strekninga Østerbø-Vassbygdi

Agnes Brudvik Engeset og Kristin Løseth

VESTLANDSFORSKING

VF-rapport 3-2023

Utgitt av Vestlandsforskning
Adresse Postboks 163, 6851 Sogndal

Prosjekttittel Aurlandsdalen – brukarundersøking med vekt på Østerbø-Vassbygdi

Oppdragsgivar Nærøyfjorden Verdsarvpark

På framsida Nesbøgalden
Foto Agnes Brudvik Engeset

ISBN 978-82-428-0455-6

Creative Commons Namngiving 4.0 Internasjonal lisens
Vestlandsforskning 2021: CC BY-NC 4.0

www.vestforsk.no

Innhold

Samandrag.....	6
English summary.....	8
1 Bakgrunn for brukarundersøkinga i Aurlandsdalen.....	10
2 Datainnsamling i Aurlandsdalen	14
2.1 Spørjeundersøking med hjelp av sjølvregistreringskassar	15
2.2 Brukarundersøking ved hjelp av intervju.....	18
3 Funn frå undersøkinga	21
3.1 Kven er vandrarane i Aurlandsdalen?.....	21
<i>Oppsummering</i>	27
3.2 Korleis opplevde vandrarane Aurlandsdalen?.....	28
3.2.1 Turopplevinga.....	28
<i>Oppsummering</i>	30
3.2.2 Tilrettelegginga	30
<i>Oppsummering</i>	42
3.3. Logistikk og informasjon	44
<i>Oppsummering</i>	48
3.4 Er det interesse for matservering og overnatting langs stien frå Østerbø til Vassbygdi?.....	49
3.4.1 Servering av mat og drikke.....	49
<i>Oppsummering</i>	50

3.4.2. Ynskjer dei å overnatte i Aurlandsdalen?	51
Oppsummering	52
3.5 Korleis stiller vandrarane seg til besøksbidrag og dugnad?	53
Oppsummering	58
4 Oppsummering	60
Referansar	64
Vedlegg	66

Forord

Gamle stiar og vegar er gode utgangspunkt for friluftsliv og Aurlandsdalen, ein gammal ferdsleveg mellom Vestlandet og Austlandet, er i dag ei av dei mest populære vandrerutene her i vest. Vandraren går gjennom eit bratt vestlandslandskap forma av samspelet mellom natur og menneske. Kulturlandskapet vart forma av gardsdrift, støsliv og beitedyr i tida før mekanisk landbruk. Ferdselsåra var bygd opp og ivaretatt av dei som hadde rettigheter i Aurlandsdalen. I dag er arbeidet med stien stort sett erstatta av dugnadsarbeid. Brukarundersøkinga har teke føre seg både turgåarane sine opplevingar og moglege bidrag frå dei til framtidig skjøtsel av vandreruta. Oppdraget er finansiert av Miljødirektoratet og prosjekteigar er styringsgruppa for Nye Aurlandsdalen, som består av ein representant for grunneigarane, Venner av Aurlandsdalen, Hafslund ECO, DNT Oslo og Omegn og Visit Sognefjord. Denne styringsgruppa høyrer inn under satsinga «Vandring og verdiskaping» hjå Nærøyfjorden Verdsarvpark. Prosjektleiinga til Nærøyfjorden Verdsarvpark er finansiert av stiftarane til verdsarvparken: Aurland kommune, Voss herad, Lærdal kommune, Vik kommune og Vestland fylkeskommune. Undersøkinga har vore utført i nært samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark ved Snædís Laufey Bjarnadóttir, og styringsgruppa for «Nye Aurlandsdalen». Takk for godt samarbeid!

Lukke til vidare med arbeidet!

Sogndal, 1. desember 2022

Agnes Brudvik Engeset

Kristin Løseth

Samandrag

Vestlandsforskning utførte brukarundersøkinga i 2022 på oppdrag frå Nærøyfjorden Verdsarvpark. Hovudføremålet var meir kunnskap om korleis vandrarene oppfatta landskapet og tilrettelegginga i dalen, og korleis dei eventuelt ville stille seg til å bidra til vedlikehaldet anten i form av dugnad eller besøksbidrag (betaling). Ein kombinasjon av kvalitativ og kvantitativ metode vart nytta: Spørjeskjema på norsk og engelsk vart lagt i sjølvregistreringskassar på Østerbø Fjellstove, på Aurlandsdalen Turisthytte, ved Sinjarheim og ved Vassbygdi servicebygg. Spørjeskjema hadde og QR-kode slik at turistane kunne svare digitalt. Ved Sinjarheim var det berre papirskjema, då der ikkje er mobildekning og dermed umogleg å svare digitalt. 148 spørjeskjema vart samla inn totalt. I tillegg var 23 kvalitative intervju gjennomført med eit utval turistar i juli og august. 1/4 av dei som svara eller vart intervjuet var utlendingar, medan resten var frå Norge. Flest vandrare kom frå fylka Oslo, Viken, Vestfold og Telemark. Av dei som kom frå Vestland var det ingen frå gamle Sogn og Fjordane. Vidare hadde vandraren ein snittalder på 44,5 år, flest kvinner svara på spørjeundersøkinga (63%) og dei fleste vandrarene går i lag med vener (34%) eller partner/ ektefelle (28%). Funna viser også at turgåarane generelt er svært nøgde med tilrettelegginga i Aurlandsdalen og dei omtalar turen som ei spektakulær oppleving. Det er i hovudsak før og etter turen at det er rom for betring, når det gjeld relevant informasjon og sikre at det eksisterande tilbodet om busstransport Vassbygdi-Østerbø fungerer med tanke på kapasitet, avgangar og korrespondanse med Flåmsbana/Bergensbanen. Matsservering og overnatting vert vurdert som interessant for turgåarane, men ikkje like aktuelt for alle, då Aurlandsdalen er ein godt innarbeidd dagstur. Flest turistar var positive til besøksbidrag i form av frivillig, låg avgift, men dei var også skeptiske med tanke på Allemannsretten og tradisjonen i Norge med å ikkje måtte betale for å gå tur. Dugnad i form av arbeid vart omtala som for dei mest interesserte

eller for folk med lokal tilknytning. Tilrådingane i rapporten er å utbetre vandreopplevinga før og etter sjølve dagsturen, nærare bestemt ta tak i informasjon og logistikk.

English summary

In 2022, Western Norway Research Institute conducted a survey among hikers in Aurlandsdalen on behalf of the Steering Committee of «Nye Aurlandsdalen», including landowners, Friends of Aurlandsdalen, Hafslund ECO, The Norwegian Tracking Association (DNT) Oslo og Omegn, Visit Sognefjord, and Nærøyfjord World Heritage Park. The main purpose was to gain insight into how hikers experience the landscape, path and infrastructure maintenance in the area, and safety-improvement measures along the path, as well as asking hikers how they would respond if they were invited to contribute to maintenance work, either through paying a fee or through voluntary physical work (organized as a Norwegian 'dugnad').

In conducting the survey, we applied a combination of quantitative and qualitative methods. Questionnaires in Norwegian and English were completed either electronically or on paper. Respondents could access these forms and submit them in self-registration boxes at four locations: Østerbø Fjellstove, Aurlandsdalen Turisthytte, Sinjarheim, and Vassbygdi servicebygg. We collected a total of 148 questionnaires between 2 July and 12 September. A fourth of the respondents were non-Norwegian and two thirds were Norwegian. Most of the hikers who took part in the survey came from the counties of Oslo, Viken, Vestfold, and Telemark. None of the respondents from Vestland were local. Furthermore, the average age of hikers who responded to the survey was 44.5 years. The majority were women (63%), and most hikers stated that they went to Aurlandsdalen together with friends (34%) or alternatively their partner or spouse (28%)

We found that the hikers were generally very satisfied with the maintenance level in Aurlandsdalen, describing the hike as a spectacular experience. The main potential for improvement identified pertains mainly to preparations and transportation. Hikers point to a need for obtaining relevant information on webpages and mention a lacking connection between the Flåm railway and bus

transport from the starting point to the end point of the hike, Vassbygdi-Østerbø.

Several hikers expressed an interest in purchasing food and beverages somewhere along the way, but none of them considered it necessary, due to the duration and character of the hike (a day trip). Most travellers were positive to contributing to the maintenance of paths and other infrastructure in Aurlandsdalen in the form of a voluntary (low) fee, but many were sceptical, referring to the Norwegian right to roam, «Allemannsretten», and the tradition of everyman's right to freely enjoy the outdoors. Contributing through voluntary work was mainly viewed as a task for locals or cultural heritage specialists. This report recommends improvement of elements pertaining to preparations and transportation, i.e., prior to and after the actual hiking experience, such as providing more specific information on various webpages and ensuring or establishing a connection between the bus to and from Aurland and the train in Flåm.

1 Bakgrunn for brukarundersøkinga i Aurlandsdalen

Nærøyfjorden Verdsarvpark vart tildelt midlar frå Miljødirektoratet i 2022 for å gjennomføre ei brukarundersøking i Aurlandsdalen, som del av utvikling av ny besøksstrategi for Aurlandsdalen. Vestlandsforskning har gjennomført undersøkinga på oppdrag frå Nærøyfjorden Verdsarvpark, der Snædís Laufey Bjarnadóttir har vore kontaktperson og samarbeidspartnar, og arbeidsgruppa representert av Venner av Aurlandsdalen og ein representant for grunneigarane.

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark vart skipa i 2008, etter at Vestnorsk Fjordlandskap, som Nærøyfjorden landskapsvernområde er del av, fekk offisiell status som UNESCO verdsarv i 2005. Nærøyfjorden Verdsarvpark har som føremål å vere ein pådrivar for ei samfunns- og næringsutvikling; nærare bestemt vere ein støttespelar for ivaretaking og utviklingsarbeid med utgangspunkt i dei eineståande landskaps- og kulturverdiane i heile regionalparken. Samarbeidet gjennom prosjekt «Nye Aurlandsdalen» er ein av fleire slike prioriterte satsingar.

Hovudføremålet med brukarundersøkinga er at styringsgruppa for «Nye Aurlandsdalen» ynskte meir kunnskap om korleis vandrane oppfatta landskapet og tilrettelegginga i dalen, og korleis dei eventuelt ville stille seg til å bidra anten i form av dugnad eller besøksbidrag (betaling). Dette heng saman med det ressurskrevjande vedlikehaldet av stien gjennom Aurlandsdalen som i dag i all hovudsak vert utført av Venner av Aurlandsdalen, stifta i 2009, ei foreining som er ein viktig ressurs i arbeidet med skjøtsel av Aurlandsdalen. Arbeidet er støtta av Nærøyfjorden Verdsarvpark som ei pågåande satsing under namnet «Vandring og Verdiskaping», samt av andre aktørar som til dømes DNT Oslo og Omegn og Aurland kommune. Veneforeininga arbeider også for å fremje interessa for Aurlandsdalen som ein av dei flottaste natur- og

kulturopplevingane i Norge, gjera praktisk arbeid og organisere dugnad, driva informasjonsarbeid knytt til natur og historie, og sist men ikkje minst, samhandle med andre aktørar til det beste for dalen (<https://www.naroyfjorden.no/partnarar-1/aurlandsdalens-venner>).

Aurlandsdalen har lenge vore eit godt kjent turområde, der ein har tilrettelagt for ferdsel gjennom merking, informasjonsskilt, sikringstiltak ved bratte område, gode bruer og klopper der det er naudsynt. I tillegg driv ein skjøtsel av stien og rasteplassar. Sjølv kulturlandskapet, som dei gamle slåtteengene og gamle beitemarker er i ferd med å gro att, men gjennom enkelte beiteprosjekt, på til dømes Almen og i Vetlehagen, har ein klart å oppretthalde dette særmerkte kulturlandskapet i dalen. Frå 2016 og framover har ein arbeidd med å føre opp utedo og tilrettelagte teltplassar, og i sommaren 2022 sette Venner av Aurlandsdalen opp ein utedo i nedre del av Aurlandsdalen. Som vandretur er også Aurlandsdalen godt kjent for dei særskilte naturformasjonane ein ser langs stien, dei mange store og små jettegrytene, der Vetlahelvetet er den størst og mest kjende av dei.

Aurlandsdalen vert ofte gått som ein dagstur, men er også del av eit større stinettverk. Mange vandrarar startar lengre oppe i fjellet, anten ved Finse, Geiterygghytta eller Steinbergdalshytta, men denne rapporten fokuserer på nedre del og turen frå Østerbø til Vassbygdi. Dagsturen på nærare 19 km er den mest vanlege måten å gå Aurlandsdalen på.

Turen vert rekna som krevjande i merkinga til Den Norske Turistforening (DNT). Dei fleste går turen frå Østerbø og ned. Enkelte parti er temmeleg bratte, og her blir det glatt når det regnar. I dei bratte fjellsidene kan det gå skred og komme steinsprang, særleg ved store nedbørsmengder og i snøsmeltinga. I slike periodar kan vassføringa og verte høg i elva og i bekkane ein passerer undervegs.

Kulturminne er også synlege frå stien, som stort sett går litt oppe i dalsida langs elvegjelet. Det er også verd å nemna at den oppbygde stien er eit kulturminne i

seg sjølv. Her har ein frå gammalt av bygd opp murar og sprengt ut hyller for å lage sti der ein kunne drive kveget på ferdselsruta mellom aust og vest. Dei fråflytta gardane Nesbø, Sinjarheim og Almen ligg langs ruta, og særleg Sinjarheim ca 2/3 ned dalen er ein populær plass å stoppe for turgåarane. Under vegs finn ein og fleire gamle tufter som vitnar om eldre busetnad i dalen.

Statusen «Historiske Vandreruter» vart tildelt Aurlandsdalen i 2018, som er eit samarbeid mellom DNT og Riksantikvaren for å gjere gamle ferdselsvegar betre kjent og meir brukt. Rutene er turruter langs gamle stiar eller vegar i heile landet, der det har vore ferdsel i tidlegare tider. Ei slik historisk rute byr på moglegheit til å overnatte i DNT-hytter eller andre overnattingsstadar, er godt merka, skilta og marknadsført via DNT sine nettstadar. Dei historiske rutene er ofte knytt til eit bestemt tema slik at turgåaren kan lære om ruta sitt opphav. Aurlandsdalen er først og fremst ein gammal ferdsleveg mellom aust og vest med rikt utmarksbeite, og vart mykje nytta som drifteveg fram til byrjinga av 1900-talet. Ferdslevegen var bygd opp og nøysamt tilrettelagt i terrenget så å seie heile vegen frå Vassbygdi til Østerbø, og det er framleis spor opp til Grønestølen. Difor er den gamle ferdslevegen i seg sjølv eit kulturminne og såleis viktig grunnlag for å vere del av «Historiske vandreruter».

(https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2021/04/Historiske-Vandreruter_brosjyre2021.pdf)

Ved Østerbø, som er starten for dagsturen, ligg to turisthytter, Østerbø Fjellstove og Aurlandsdalen Turisthytte. Begge er betente hytter som er opne gjennom sommarsesongen, frå mai til oktober. I tillegg har Østerbø Fjellstove ein campingplass ned mot Aurdalsvatnet, eit steinkast frå fjellstova, og tilbyr camping for telt, bubil og campingvogn. Fjellstova har også eit leilegheitsbygg for utleige. Nedst i dalen ligg bygda Vassbygdi, som utgjer enden for vandringa gjennom Aurlandsdalen, med busshaldeplass, parkeringsplass og eit servicebygg med wc, dusj og kiosk.

Årsaka til at det i dag er bilveg opp til Østerbø er kraftutbygginga av Aurlandsvassdraget som tok til på 1970-talet. Samstundes kom naturverntanken sterkare inn i samband med kraftutbyggingar og forsøkte å

gjere utbygginga skånsam og dermed ivareta kvalitetane ved den gamle ferdselsvegen. Berdalstunnelen vart til dømes planlagt med sterk stigning mot stølsområdet for å krysse Berdalen slik at vegen ikkje var synleg frå vandrestien (Thyri, 2008). Ein merkar difor lite til kraftutbygginga i dag, men fotturistane dreg nytte av bilvegen til startpunkt for dagsturen (Teigland, 1994).

Transportmoglegheitene er mange for dei som ynskjer å gå Aurlandsdalen. Grunnen til at vi nemner dette, er at sjølv om turistane i undersøkinga vår var godt nøgde med turen som heilheit, hadde dei mange innspel i forhold til logistikken i rundt sjølve fotturen. For at desse kommentarane i del 3.3. skal gje meir mening, skisserer vi difor opp dei eksisterande transportmoglegheitene her:

Aurlandsdalen er ein av fotturane i landet der ein kan kome til start- og stoppestad via kollektivtransport. Ved å følgje Bergensbanen frå anten Aust eller Vestlandet til Myrdal kan ein reise ned til Sognefjorden med Flåmsbana frå Myrdal til Flåm, og deretter buss frå Flåm til anten Vassbygdi eller heilt opp til Østerbø. Retur skjer på same måte, med buss til Flåm og deretter tog vidare. Fleire nyttar seg også av moglegheita til å gå av Bergensbanen ved Finse og gå ein fleirdagars tur derifrå og ned til Vassbygdi. Det er også mogleg å reise kollektivt frå Hallingdal, nærare bestemt med tog til Ål i Hallingdal og derifrå vidare med buss til Østerbø eller Vassbygdi.

Dei fleste vandrare nyttar seg av ein kombinasjon av bil og buss, der dei kjem til Vassbygdi eller Østerbø med bil og nyttar busstransporten mellom start- og slutt punkt. I høgsesongen går det daglege kommersielle bussruter, operatøren Norways Best, og offentleg bussruter, operatøren Skyss, frå Flåm, innom Vassbygdi og opp til Østerbø, som er startpunkt for turen. For retur går det bussruter frå Vassbygdi og opp igjen til Østerbø eller tilbake til Flåm. I lågsesongane er det busstilbod hovudsakleg i helgane.

2 Datainnsamling i Aurlandsdalen

I samråd med prosjektleiar i Nærøyfjorden Verdsarvpark og arbeidsgruppa representert av Venner av Aurlandsdalen og ein representant for grunneigarane, nytta Vestlandsforskning seg av ein kombinasjon av kvalitativ og kvantitativ metode, som den best eigna tilnærminga for ei grundig brukarundersøking. Gjennom spørjeskjema vil ein nå mange turgåarar og få kvantitativ informasjon om kjenneteikn ved dei som går i dalen, om haldningane deira til tilrettelegging og til ei eventuell avgiftslegging. Ei slik kort spørjeundersøking med nokre opne spørsmål gjev høve til å få flest mogleg svar i løpet av ein heller kort periode utan at det tek for mykje av prosjektet sine ressursar (Rubing & Babbie, 2009, Reynolds, Woods and Baker, 2006). Gjennom å og gjere intervju med eit utval turistar som går eller har gått turen vil ein få tak i færre turgåarar, men få djupare innsikt i dei opplevde kvalitetane ved turen, og turistane sine haldningar til ei eventuell avgift til støtte for tilretteleggingsarbeidet i dalen. Føremøn ved ei kvalitativ undersøking er ein skapar ei djup innsikt i eit sosialt fenomen, meir enn å vektlegge måling og årsaksforhold rundt fenomenet (Aase & Fossåskaret, 2014).

For å få ei betre forståing av turen i Aurlandsdalen valde vi sjølve å gå strekninga Østerbø-Vassbygdi i samanheng med intervjuva vi skulle gjere i området. Dette ga oss godt innblikk i landskapskvalitetane, tidsbruk, kor turistane stoppa undervegs, graden av tilrettelegging og kva turistar sit igjen med av opplevingar etter ein slik tur. Vi skreiv feltnotatar som vart nyttig bakgrunnsinformasjon til arbeidet med analysen av det innsamla materiale. Å utvikle ei større forståing av området og dermed djupare forståing av informantane og svar i spørjeskjema kan kallast feltforståing (Stevenson, 2016).

Då funna frå brukarundersøkinga vart presenterte for Nærøyfjorden Verdsarvpark, grunneigarar og Venner av Aurlandsdalen på eit møte i november, var ei av tilbakemeldingane at slik turgåarane vert karakterisert i

materialet samsvara i stor grad med deira generelle inntrykk. Vår undersøking fanga opp at ¼ av turgåarane kjem frå utlandet, at turgåarane jamt over er i vaksen alder 50+, at mange gjekk med vener og familie, og at dei har generelt god turerfaring. Samtidig er det viktig å understreke at utvalet vårt er lågt i høve kor mange turgåarar som går i dalen gjennom heile sesongen. Teljingane viser per 21. november 2022 18 942 passeringar forbi teljeapparatet totalt, medan det var registrert 14 514 turgåarar på veg ned og 4428 personar på veg opp. Av turgåarane som vart registrerte på veg opp, kan ein gjere eit forsiktig overslag på kor mange som gjekk opp til Østerbø, på om lag 5 %. Til samanlikning vart det samla inn totalt 148 spørjeskjema og gjennomført 23 intervju.

2.1 Spørjeundersøking med hjelp av sjølvregistreringskassar

Brukarundersøkingar er eit vanleg verktøy for forvaltning av verneområde i Noreg og Miljødirektoratet har utarbeida ein vegleiar for korleis slike kan gjennomførast. Denne vegleiaren har blitt brukt som nyttig bakgrunns-materiale for arbeidet med denne rapporten.

Sjølvregistreringskassane vart sett ut på Steinbergdalshytta, Østerbø Fjellstove, på Aurlandsdalen Turisthytte, ved Sinjarheim og ved Vassbygdi servicebygg. Kassane vart sette ut første helga i juli. Frontpersonalet ved turisthyttene og servicebygget vart informert og bedne om å opplyse gjestene om undersøkinga og føremålet med denne. Kassane stod ute i perioden laurdag 2. juli – måndag 12. september, og vart tømte undervegs av Vestlandsforskning under feltarbeidet og av Nærøyfjorden Verdsarvpark ved Snædís Laufey Bjarnadóttir. Spørjeskjema hadde og QR-kode slik at turistane kunne velje å svare digitalt. Ved Sinjarheim var det berre papirskjema, då der ikkje er mobildekning og dermed umogleg å svare digitalt.

Ein figur viser kor sjølvregistreringskassane var utplasserte og kor mange svar ein har frå dei ulike stadene. Eit fleirtal av spørjeskjema vart fylte ut ved dei to turisthyttene, Østerbø Fjellstove og Aurlandsdalen Turisthytte. Eit fleirtal av


desse turistane har ikkje gått strekning Østerbø- Vassbygdi, men bur på hyttene på veg frå høgfjellet, frå Finse eller Geiterygghytta, og skal vidare ned til Vassbygdi etter å ha overnatta på ei av hyttene. Desse vandrarene har dermed ikkje gått langs strekninga med mest tilrettelegging, og har dermed eit anna utgangspunkt for å svare på spørjeskjema enn vandrarene som svarar på skjema ved Sinjarheim eller servicebygget i Vassbygdi.

Sjølve spørjeskjemaet ligg som vedlegg til rapporten. I fyrste del av skjemaet kartlegg vi kven vandraren er gjennom spørsmål om kvar dei kjem i frå, kjønn, alder, hovudføremål med turen, kven dei reiser saman med, om dei har vore i dalen før og kor mykje friluftslivserfaring dei har. Deretter ynskte vi å vite korleis dei kom seg til utgangspunktet for turen, og om erfaringane deira med transporttilbodet i området. Vidare ber vi informantane beskrive idealområdet sitt ut i frå gitte kriterium, før vi spør om dei er nøgde med tilrettelegginga i Aurlandsdalen. Avslutningsvis ynsker vi å vite om vandrarene kan tenke seg å bidra til vedlikehaldet av kulturlandskapet og stien i Aurlandsdalen anten gjennom ei avgift, gjennom dugnadsarbeid eller gjennom eit påslag på overnatting/ transport, om dei er interesserte i å kjøpe mat og drikke under vandringa, og om dei kunne tenke seg å overnatte i dalen.

Spørjeskjemaet har og rom for kommentarar og i etterkant vart desse samla og tatt inn i analysen.

Figuren viser kvar spørjeskjema er fylte ut ved dei ulike sjølvregistreringskassane:

Answered: 141 Skipped: 7



Metodiske utfordringar i spørjeskjema

Spørjeskjema vart lagt ut både på turisthyttene øvst i dalen, og på Sinjarheim og i Vassbygdi. Mange valde å svare ved Aurlandsdalen Turisthytte og ved Østerbø Fjellstove. Dette gav god informasjon om vandraranne som går fleirdagarsturar, men mange av dei som svarta på skjemaet hadde enno ikkje gått strekninga Østerbø-Vassbygdi. Dei har gjerne gått dagsetappar der graden av tilrettelegging er mindre, og svarta deira kan dermed seie lite om kva dei meiner om tilrettelegginga i nedste del av dalen. Kva vandraranne meiner om dette temaet er dermed i stor grad henta frå intervjuva vi gjorde av vandraranne frå Østerbø til Vassbygdi.

Den same utfordringa gjeld og spørsmål om dei ynskje å kjøpe mat og drikke undervegs på turen og om dei ynskjer overnatting. Her har vi ikkje presisert

godt nok at det gjeld strekninga Østerbø- Vassbygdi. Mange svarar ja, men det er umogleg å seie om de i ynskjer slike tilbod langs heile ruta dei har gått (der det allereie finst veletablerte hytter med mattilbod) eller om dei meiner nedre del. Her blir igjen intervjuet ei viktig kjelde til informasjon.

Talet på innsamla spørjeskjema kan ha blitt påverka av at sommaren 2022 var det vi kallar ein ekte regnvêrssommar med lange periodar med dårlege vêr! I 2019 viste turteljarane at omlag 20 000 hadde gått turen, men årets teljing på nær 19 000, viser ein nedgang i høve både fjoråret, men også i høve 2019. Nordmenn bruker gjerne å vente på god vêr før dei går turen, og sommaren 2022 var det få solskinsdagar i juli og august. Utlendingar har gjerne planlagt god tid i førevegen og kjem uansett vêr. 2022 var også den første «normalsommaren» etter pandemien og mange nordmenn kan ha nytta sommaren til å reise utanlands framfor å feriere i Norge. Samanlikna med teljingane frå 2021 (22 822), viser det seg at årets trafikk hadde totalt nedgang på 17 %. Det er ein nedgang på 21 % i dei som går nedover, medan nedgangen er på 4% på dei turgåarane som er registrert oppover dalen.

Turgåarane var heller ikkje aktivt oppsøkt og bedne om å svare, anna enn på overnattingsstadane Østerbø og Aurlandsdalen turisthytte. Dette kan ha påverka talet på innsamla skjema. VF sine erfaringar frå tidlegare undersøkingar er at det er lettare å gå vidare og la vere å svare på eit skjema når ein får ei personleg oppmoding på staden. Ein må også ta høgde for at tilsette ved overnattingsstadane kunne ha det travelt med sitt vanlege arbeid, og at oppgåva om å oppfordre folk til å svare på undersøkinga kom i tillegg til jobben deira. Gjennomgangen av skjema i ettertid avdekka fleire ufullstendige skjema noko som kunne ha vore avverja viss vi var til stade og samle inn spørjeskjema sjølve.

2.2 Brukarundersøking ved hjelp av intervju

For å få ei betre forståing for korleis turistane opplever å gå Aurlandsdalen, og deira haldningar til tilrettelegging og ei eventuell avgift, valde vi å gjere

kvalitative intervju med eit utval turistar. Utvalskriteria var størst mogleg variasjon i alder, kjønn og om ein gjekk aleine eller saman med andre. Samstundes var feltarbeidet prega av tidsaspektet, at vi måtte skunde oss og intervju så mange turgåarar som mogleg før dei drog vidare, slik at vi valde ikkje vekk informantar.

Ein intervjuguide (vedlegg 1) vart utarbeida i samråd med prosjektleiar i Nærøyfjorden Verdsarvpark, Snædís Laufey Bjarnadóttir. Dei fleste intervju vart utførte ved Vassbygdi Servicebygg, som er ein naturleg samlingsplass ved avsluttinga av turen. Her er det kiosk som er open på travle dagar, turistane har ein plass å sitte og mange har god tid til å vente på bussen sin vidare her. 16 intervju vart utført ved Servicebygget.

5 intervju var utført på Sinjarheim. Høgdegarden er ein naturleg stoppestad for turistane etter 2/3 av vegen mellom Østerbø og Vassbygdi. Her hadde vi tenkt å gjere fleire intervju, men vi oppdaga at fleire gjekk rett forbi Sinjarheim den dagen vi var ute. Det var meldt auka regn seinare på dagen, det er difor ikkje usannsynleg at turistane ynskte å kome til Vassbygdi så tidleg som mogleg. I tillegg kunne busstidene påverke folk til å skunde seg til Vassbygdi (vert utdjupa seinare). 1 intervju vart gjort ved Aurlandsdalen turisthytte med turistar som hadde gått turen tidlegare på dagen.

Dei fleste intervju vart tekne opp digitalt ved hjelp av mobiltelefon. I andre høve vart svara noterte ned undervegs. Variasjonen skuldast dels tidsaspektet, då ein del av turgåarane signaliserte å ha lite tid før dei skulle vidare, dels regnvêr slik at mobil ikkje fungerte godt som opptakar. Intervju vart i etterkant reinskrive og samla i eitt dokument for vidare analyse.

Intervju vart gjort over fleire dagar. Agnes Brudvik Engeset og Kristin Løseth frå Vestlandsforskning gjorde intervju dagane laurdag 30. og sundag 31. juli. Snædís Laufey Bjarnadóttir gjorde intervju fredag 29. juli, 2. og 26. august. Intervju vart gjort både dagar med fint ver, og på dagar med regn.

Metodiske utfordringar i intervju

Ein vesentleg faktor som påverkar talet på og kvaliteten av intervju er som allereie nemnt tidsaspektet: Tid for turgåarane til å rekke bussen, tid til å kome fram før regnvêret, at ikkje intervjuet vara så lenge at folk vart kalde og ville gå vidare. Vi gjennomførte intervju den første dagen medan vi var på Vassbygdi og venta på folk som kom ned frå Aurlandsdalen. Den andre dagen intervju vi turgåarar dels på Sinjarheim, men valde å gå til Vassbygdi fordi mange gjekk forbi. Vêret var dermed også ein medverkande faktor. Dersom det hadde vore sol og varmt på den andre dagen, slik fleire av informantane oppgav at det hadde vore på laurdag, hadde vi mest truleg hatt meir ro under intervju. I følgje den same informanten, som hadde lege i graset i halvanna time på Sinjarheim den dagen, var det mange andre som tok lang pause der.

3 Funn frå undersøkinga

I denne delen presenterer vi funna i fem delar: Først trekk vi fram kjenneteikna ved vandrarane i Aurlandsdalen som vi snakka med, og her hentar vi materiale frå spørjeskjema. I del to går vi nærare inn på korleis vandrarane opplever turen og kva dei meiner om tilrettelegging i dalen. Del tre handlar om korleis turgåarane opplevde logistikk og informasjon. I del fire og fem undersøker vi om turgåarane ynskjer å kjøpe mat og drikke og eventuelt overnatte i dalen, om til slutt korleis dei ser på å bidra til forvaltninga av Aurlandsdalen, og eventuelt korleis eit slikt bidrag skal kunne gjennomførast i praksis.

3.1 Kven er vandrarane i Aurlandsdalen?

Denne delen baserer seg på svar frå spørjeskjema.

Kjønn

Det var flest kvinner som svara på spørjeundersøkinga. Blant dei 148 som svara på var det 93 (63%) kvinner og 55 (37%) menn.

Alder

Av dei 148 som svara på spørjeskjema var det 129 som oppgav alder. Tabellen under syner spreining i alder:

Alder	Tal personar (totalt 129)
Under 15 år	4
15-19	4
20-29	22
30-39	23
40-49	21
50-59	28
60-69	23
70 år og eldre	4

Snittalderen på vandrarene i Aurlandsdalen i denne undersøkinga er 44,5 år.

Kor kjem dei frå?

Av dei som svara på spørjeskjema var 34 av respondentane internasjonale turistar medan 114 svar kom frå norske vandrare. De utanlandske turgåarane kjem frå:

+	
Danmark	7
Frankrike	1
Nederland	6
Spania	1
Storbritannia	6
Sverige	2
Tsjekia	2
Tyskland	7
USA	2
Totalt:	34

111 spørjeskjema kom inn frå personar med norsk kommunenummer. Desse fordelte seg slik pr fylke:

Fylke	Tal personar
Agder	1
Møre og Romsdal	2
Oslo	26
Rogaland	7
Vestfold og Telemark	13
Trøndelag	4
Vestland	18
Viken	33
Innlandet	7
Totalt	111

Som tabellen viser er dei sentrale Austlandsområda godt representerte. Her er det mange som kjem med toget og går ein lengre tur i området. Det er 18 personar frå Vestland fylke, men om ein går nærare inn på postnummera syner desse at ingen er frå gamle Sogn og Fjordane. Det var dermed ingen lokale turgåarar som svara, verken på spørjeundersøkinga eller i intervjuet. Dersom ein går inn på kvar respondent som har oppgitt postnummer, kan ein også sjå kva kommune dei er busette i (sjå vedlegg 4). Til dømes kjem 12 av respondentane frå kategorien Vestland fylke frå Bergen kommune, medan dei 6 andre respondentane fordeler seg på kommunane Osterøy, Ostereidet og Isdalstø i Nordhordland, samt to kommunar i Sunnhordland, Valen og Halsnøy.

Vår datainnsamling var lagt til høgsesong og eit stykke uti skuldresesongen, i perioden frå 2. juli til 12. september. Då har folk flest ferie og har høve til å reise lengre enn elles i året for å gå ein fjelltur. Utvalet speglar dette, med mange tilreisande frå andre landsdelar og ein del frå andre land. Om datainnsamlinga

vart utført utanfor høgsesong kunne nok andelen informantar frå nærområda vore større.

Hovudformål med å besøke Aurlandsdalen


Vandring var hovudformålet for langt dei fleste. Berre fire respondentar hadde andre hovudmål med opphaldet, der to skulle arbeide på ei turisthytte og ein person hadde jakt og fiske som hovudaktivitet. Den siste personen oppgav ikkje føremål. I tillegg var det to som førte opp andre sideaktivitetar i kommentarfeltet; padling, sykling. 141 personar (98%) var i området fyrst og fremst for å gå på tur. I intervjuet snakka vi i tillegg med to unge damer som sprang dalen ned som treningstur.

Sjølv om brukarundersøkinga fyrst og fremst gjeld strekninga Østerbø-Vassbygdi, var eit fleirtal av dei som svara på spørjeundersøkinga på fleirdagstur i området. 93 personar (64 %) var på fleirdagstur, medan 52 (36 %) skulle på dagstur. Desse svara speglar nok at dei fleste spørjeskjema var fylte ut på Aurlandsdalen Turisthytte og Østerbø Fjellstove. Dersom spørjeskjema berre hadde vore fylte ut i Vassbygdi, ville det nok vore ein høgare del dagsturistar.

Kven reiser dei saman med?

På spørsmål om kven dei er på tur med fordelte svara seg temmeleg likt mellom dei som var på tur med ektefelle/ partner, med familie og med vener. 34 % dreg med vener, 28 % dreg med partner/ektefelle og 26 % svarar at dei er på tur med familien. Berre 8 personar (5,4%) var på tur aleine, medan 17 (11,5%) var på organisert tur.

Kven turgåaren dreg saman med, samla sett:



Med born under 15 år?

Av dei 148 spørjeskjema vi fekk inn var det 22 (15 %) respondentar som meldte inn at dei hadde born under 15 år med på tur. Desse tala må tolkast med varsemd for her kan fleire i same turfølgje ha meldt inn at det var born med på turen. Ein kan dermed forvente at det verkelege talet er noko lågare.

Første gong i Aurlandsdalen?

På spørsmål om dei hadde vore i Aurlandsdalen før var det heile 74% (110 personar) som ikkje hadde vore der før, medan 26% (38 personar) hadde vore der tidlegare.

Friluftslivserfaring


For å få greie på om vandrane hadde friluftslivserfaring spurte vi om dei hadde vore på fleirdagars fottur, skitur eller båttur tidlegare. Som ein ser i grafen under er det stort sett erfarne turgåarar i området. Her ser vi altså på turerfaring hjå alle turgåarane under eitt:

Erfaring blant alle turgåarane:

Heile 49% (73 personar) hadde vore på fleirdagars tur meir enn 5 gonger tidlegare, og 39% hadde vore 1-5 gonger på fleirdagarstur. 12 % (17 personar) har aldri før vore på fleirdagars tur. Desse svara må sjåast i samanheng med at dei fleste skjema er utfylte på turisthyttene på Østerbø, der fleirtalet er på fleirdagstur som startar i høgjellet. Det er dermed vandrarak med mykje erfaring som går i området.


Erfaring blant vandrarak på fleirdagarstur:

Om ein skil mellom dei som er på dagstur og dei som er på fleirdagarstur ser ein som forventa at det er fleire med mykje erfaring blant dei som går fleirdagarstur. 53 % blant dei som går fleirdagars tur (93 respondentar har svara) har gått fleirdagars 5 eller fleire gongar:



Erfaring blant vandrarak på dagstur:

Av dagsturistane er det færre, 45 %, som har gått fleirdagars tur 5 gonger eller meir. 37% har gått fleirdagars tur 1-5 gongar. Her hadde 51 respondentar svara på dette spørsmålet.



Oppsummering

Det var flest kvinner (63%) som svara på spørjeskjema. Snittalderen på dei som svara på spørjeskjema var samla sett (begge kjønn) på 44,5 år. Det kom flest folk frå andre landsdelar enn Sogn og Fjordane, med ei hovudvekt frå Oslo og Viken. Hovudføremålet til turgåarane var stort sett vandring, med nokre få unntak som fiske. Flest turgåarar gjekk i lag med vener (34%), medan ektefelle/partnar var ei anna, nesten like stor gruppe (28%), og deretter gjekk mange (26%) med familie som turfølgje. Nokre få gjekk i organisert turfølgje, eller aleine. Både dei som svara på spørjeskjema viste det seg å vere flest erfarne turgåarar, forstått som at dei har erfaring frå anten 1-5 dagar med fleirdagarsturar (sommar, vinter, sjø, land) eller 5 dagar eller meir. Dei som gjekk dagstur hadde mindre turerfaring enn dei som var på fleirdagarstur.

3.2 Korleis opplevde vandrane Aurlandsdalen?

Denne delen baserer seg på både turgåarane sine svar under intervjuet om turopplevinga, og frå svar i spørjeskjema om tilrettelegging.

3.2.1 Turopplevinga

Gjennom intervjuet kom det fram at vandrane generelt er særst nøgde med turen. Både landskapet, stien og tilrettelegginga vert skildra i positive ordlag. Fleire av dei vi snakka med hadde gått frå Finse, og dei skildra kontrastane i landskapet som ei stor oppleving:

«Det har vore heilt spektakulært å gå i frå vidda og heilt ned til fjorden» (3 menn, 33 år, Oslo)

«Variasjonen frå høgjellet til det dramatiske landskapet var det som imponerte mest med turen» (Kvinne 33 år, Sverige, Mann 31 år, Frankrike).

Variasjonen i landskapet vart og dregen fram frå dei som gjekk dagsturen frå Østerbø til Vassbygdi:

«Veldig fint, høge fjell, fossar, vatn. Sist langtur var i Skottland, der også grønt og frodig, men her er det mykje meir med fjella i rundt» (2 kvinner 42 år, Asker)

«Fint ver, småkupert, gå nedover, det er inspirerenda å vite at du berre skal ned. Mykje å sjå på» (Foreldre 55 år, dotter på 21 år, Bergen).

Mangfald og variasjon

Fleire av gruppene hadde born i turfølgjet, og mangfaldet i dalen gjer fotturen spennande og for dei yngre:

«Det gjekk som ein draum for oss. Borna syntest det var artig med km (avstandsskilt), mange fine plassar du kan stoppe undervegs. Sjølv om det regna litt var det mange plassar du kunne søke ly under her og der, sånn litt naturleg i fjellet. Så det er litt spennande tur for barn då» (Par i byrjinga av 40-årene, ungar på 8 og 11 år, Asker).

Historia

Landskapet vert gjennomgåande skildra i positive ordlag, og som vi vil vise under gjev det ein ekstra dimensjon til turen at det er ei historisk vandrerute ein går langs.

«...du kan sjå at nokon har bore steinar på plass, at dei har laga ein kulp til hestane, det er utruleg fint å sjå» (Foreldre 55 år, dotter på 21 år, Bergen)

Landskapet i Aurlandsdalen har vorte forma av ferdsel og husdyrhald og er i stadig endring. To kvinner i ulike turlag som begge hadde gått turen før, meinte det no var meir gjengrodd i enkelte parti enn det hadde vore førre gong dei gjekk turen:

«Spesielt i siste del av turen var det fleire stader der eg tenkte at her hadde det vore fin utsikt, men så var det for mykje tre og buskar som dekkja til» (Mann og kvinne på 50 og 53 år, Sunnmøre).

«Eit stykke etter Bjørnestigen var det no mykje skog og lite utsikt» (2 kvinner på 63 og 55 år, Sunnmøre).

Tryggleik

Det var stort sett fint ver under intervjuet og det kan nok ha påverka kva svar vi fekk om turopplevinga. No kjende folk seg trygge, men som eit par nemner:

«Stien var god. Vi tippar den kunne være sleip når det regna» (Kvinne og mann i midten av 50-årene, Nederland).

I godt ver tek ein seg gjerne betre tid til å sjå seg kring, lese informasjonsskilt og ta pausar. Med mykje nedbør kan ein tenke seg at folk skundar seg meir og blir meir redde for steinsprang. Turskildringa frå www.ut.no anbefaler at folk unngår pausar ved bekkar og elveløp når det er store nedbørsmengder og/ eller snøsmelting. Slike forhold vil naturleg nok påverke opplevinga av turen.

Oppsummering

Generelt fortel turgåarane i intervjua om ei flott vandreoppleving gjennom Aurlandsdalen. Naturen og landskapet var opplevd som spektakulær, variert og mangfaldig, og den historiske dimensjonen av den gamle ferdsleveggen var omtala som positiv. I tillegg kjende turgåarane seg trygge, noko som sjølvsagt er eit uttrykk for god tilrettelegging, men som også kan skuldast at det stort sett var godt vêr under intervjua.

3.2.2 Tilrettelegginga


I denne delen viser vi kva turgåarane har svart i spørjeskjema om tilrettelegginga for vandring i Aurlandsdalen. Det vert også skilt mellom kva folk med ulik turerfaring meiner om tilrettelegging, og om det er skilnad mellom kvinner og menn i synspunktet på dette. Årsaka til at vi har spurt etter friluftserfaring til turgåarane er for å sjå om det er ein samanheng mellom turerfaring og synet på tilrettelegging av stien og dalen generelt (skilt mm). Treff Venner av Aurlandsdalen og DNT Oslo og Omegn med tilrettelegginga, slik at turgåarane er nøgde, og får stetta behov for tilrettelegging?

Kor nøgde er dei med tilrettelegginga?

Grafen under viser i kva grad turgåarane samla sett er nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i Aurlandsdalen. Her er det viktig å presisere at størstedelen av spørjeskjema vart fylte ut på Østerbø Fjellstove og Aurlandsdalen Turisthytte, der mange endå ikkje har gått nedre del av dalen, strekinga Østerbø-Vassbygdi, som er den delen av turen som er best tilrettelagt. Ni personar har vald å ikkje svare på dette spørsmålet, men grafen viser uansett at vandrarane i stor grad er nøgd med tilrettelegginga. Vandrarane er generelt nøgde med tilrettelegginga i Aurlandsdalen: 80% svarar at dei er godt nøgde, 27% at dei er ganske nøgde og i underkant av 1% (1 person) oppgjev misnøgd som svar. Her ser en at dei fleste er godt nøgde sjølv om ein stor del av dei som har svar berre har gått øvre del av Aurlandsdalen enno. Denne delen har mindre grad av tilrettelegging enn den nedre delen. Eit meir nyansert bilete av korleis vandrarane ser på

tilrettelegginga får ein ved å sjå på dei kvalitative intervjua, der alle har gått strekninga Østerbø- Vassbygdi (kjem i neste del).


Turgåarane samla sett:



Turgåarar som aldri har vore på fleirdagars og turgåarar som har vore på fem fleirdagars turar eller meir:


Her ser vi at blant turgåarar med minst erfaring er 80% godt nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i Aurlandsdalen, mot 75% av dei med mest turerfaring.

Aldri vore på fleirdagars tur:



Vore på fleire enn fem fleirdagarsturar:

.



Av dei som ikkje har erfaring med fleirdagsturar (ein bør vera merksam på at det berre er 15 respondentar som ikkje har vandre-erfaring med fleirdagsturar) er 80% nøgde med tilrettelegginga. Ein observasjon er at det ikkje er store forskjellar i korleis turgåarane vurderer tilrettelegginga i forhold til vandrar-erfaringa deira.

Kva grad av tilrettelegging ynskjer vandrane?


På spørsmål 11 i spørjeskjema skulle ein svare på kva som kjenneteiknar deira «idealområde» når dei skal på vandretur. Turgåarane skulle vise kva som var

viktig for dei ved å gje poeng, frå 1 til 7, til spørsmålet, «ville det vere positivt eller negativt for deg at»:

- 1) det finst tilrettelagde leirplassar med do, ved, bål?
- 2) du kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunkar?
- 3) det finst merkte stiar i området?
- 4) det er lagt ned trestokkar til å gå på der stien går over våt myr?
- 5) det finst hytter med matsservering og oppreidde senger i området?
- 6) du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen?

I den vidare teksten viser vi synspunkt på idealområde blant turgåarar samla sett, blant turgåarar med ingen eller mykje turserfaring, deretter skil vi mellom kvinner og menn.


Turgåarane samla sett og kjenneteikn av idealområde:



Her kan vi kommentere at generelt set turgåarane pris på merka stiar (74%), trestokkar over myrområde (55%), og betente hytter (40%). Det er også verd å merke seg det mange oppgjev tilrettelagde leirstadar (32%) og bospann langs ruta (30%) som verken svært positivt eller svært negativt. Det same gjeld det å møte andre folk i løpet av turen (38%). Å kvitte seg med bos langs ruta er det 12% som meiner er negativt i eit idealområde.


Turgåarar utan erfaring med fleirdagars tur

Dei 16 respondentane som ikkje har erfaring med fleirdagsturar svarte følgjande på spørsmål nr 11. Her er det tydeleg at 81% set pris på merka stiar, 63% vil ha tømmerstokkar over myrområde, medan 27% ser positivt på



betente hytter. Dei stiller seg verken svært negativ eller svært positiv, 4 poeng, til tilrettelagde leirstadar (56%) og bospann langs ruta (44%), eller til om dei møter mange andre friluftsfolk (47%):

Turgårarar som har vore på fleire enn 5 fleirdagsturar tidlegare, svarar slik:




Her kan ein merka seg at mange svarar svært positivt til at det er merka stiar (72%), trestokkar over myrområde (51%) og at det er betente hytter langs ruta (35%). Men jamt over er deira idealområde prega av noko mindre tilrettelegging enn dei som er utan friluftserfaring frå fleirdagarsturar. Mest negativt for desse turgåarane er bosspann langs ruta (7%).


Skilnad mellom kvinner og menn i synet på idealområde?

Det store biletet som teiknar seg under er at kvinnene som har svara på spørjeskjema ynskjer seg meir tilrettelegging generelt, enn mennene som har svara. 79% av kvinnene vil ha merka stiar mot 67% av mennene. Skilnaden er noko større på om det bør vere trestokkar over myrområde, 60% mot 46%. Betente hytter meiner 44% av kvinnene er positivt, mot 34% av mennene:

Kvinne:



Mann:



Stien og skiltinga

Dei kvalitative intervjuane gjev utfyllande informasjon om kva vandrarene meiner om dette. I denne bolken vert det vist kva turgåarane har svara i intervjuane på spørsmål om tilrettelegginga.

Tilrettelegging har fleire funksjoner. Ein god sti, skilt som viser vegen, vaierar å halde i ved bratte strekke, gode bruer over bekkeløp og elver er tilretteleggingstiltak som gjer at ein kjenner seg trygg, og som gjer det enklare og for dei med mindre erfaring å gå turen.

Det at dalen er godt tilrettelagt viser tydeleg att i svara vi får: «Vi syntest det var veldig bra. Bättre enn andre turar. Både skiltinga og at det var lett å følgje stien heile vegen» (2 kvinner 42 år, Asker).

«Syns tilrettelegginga i dalen er helt fantastisk! Godt merket, toaletter, strenger å holde seg i. Veldig flott å gå her. Veldig godt skiltet og godt å vite hvor langt man har gått». (2 kvinner i slutten av femtiåra, Bergen).

Vandrarane er nøgde med skiltinga og seier det er lett å finne fram, stien opplevast fin å gå langs og bruene og dei fastmonterte vaierane for å trygge utsette stadar fungerer godt.

Teltplass og utedo

Andre tiltak handlar meir om trivsel, slik som tilrettelagte teltplassar, toalett og skilt som viser tal kilometer du har gått. Alle desse tiltaka finn ein på strekninga Østerbø-Vassbygdi.

Toaletta og skilta som viser kor langt en har gått blir trekt fram av fleire:

«Bra! Merking for kilometer og så en del do utplassert, og fine plassar inn under fjellet der ein kan sitte og ete. Eg syns det er kjempebra eg!» (Kvinne og mann på 50 og 53 år, Sunnmøre).

«Ungane syns det var kjekt å telje kilometerskilt» (Par i byrjinga av 40-åra, ungar på 8 og 11 år, Asker)

Historia

Ein annan funksjon med tilrettelegginga er å vise fram kulturlandskapet og korleis landskapet dei går igjennom har blitt forma av dyr og menneske gjennom fleire hundre år.

«...du kan sjå at nokon har bore steinar på plass, at dei har laga ein kulp til hestane, det er utruleg fint å sjå» (Foreldre 55 år, dotter på 21 år, Bergen)

Informasjonsskilta viser ikkje berre vegen, men det er og skilt som viser kor ein kunne søke ly for veret. Desse skilta bidrog til at vandrarane fekk oppleving av å gå langs ei historisk rute:

«Vil sei det er veldig flott å gå på ei historisk rute, sjølv om vi gjekk fort til å byrje me las vi skilta» (Foreldre 55 år, dotter på 21 år, Bergen)

Ein tilbakemelding var at ein gjerne kunne hatt endå meir informasjon nede ved Vassbygdi, der ein har gått ruta og gjerne har tid til å lese medan ein ventar på transport vidare:

«Så var det fint å kome ned og lese litt sånn ekstra. Her kunne det gjerne stått meir. For eg trur det er mange som blir sittande å vente, og då er vi veldig mottakelege for informasjon. Fordi då har du gått heile turen, det er ofte litt interessant å lese i etterkant, enda litt meir». (Par i byrjinga av 40-åra, ungar på 8 og 11 år, Asker).

...men ikkje for mykje tilrettelegging

Tilbakemeldingane på tilrettelegginga var dermed særst gode på strekninga Østerbø- Vassbygdi. Samstundes gav nokre av fotturistane uttrykk for at dei tykte tilrettelegginga er bra slik det er no og viste til ei haldning i Norge om at ein var varsam med tilrettelegging i fjellet. Fleire viste også til *scenario* dei ikkje ynskte:

«glad for at det ikkje er sherpatrappor og autostrada» (Par i slutten av femtiåra, Tønsberg).

«Må ikkje bli heilt Disneyland heller» (Mann i midten av sekstiåra, Halden).

«Trenk ikkje betre tilrettelegging enn det er i dag. Veldig nøgd» (Mann i midten av femtiåra, Oslo).

Kan bli betre

I tillegg til desse meir overordna kommentarane, kom det enkeltkommentarar om ting som kanskje kunne vore betre. Desse bør ikkje overskygge inntrykket over at folk er nøgde, men heller sjåast på som tips om ein vil gjere forbetringar.

«..Kanskje einaste på Bjønnastigen- der er det ikkje tydeleg informert om kor den beste utsikta er. Kor er hovedpunktet liksom?» (Par i byrjinga av 50-åra frå Sunnmøre).

«Km avstanden stemmer ikkje overeins med AX-tri og retningsskilta» (Foreldre med to barn på 10 og 12 år, Oslo)»

«Ved krysset i Vetlehelvete stod det ikkje at Vassbygdi var rett fram» (Foreldre 55 år, dotter på 21 år, Bergen)

«Var litt i stuss då vi kom ned. Er vi ferdige no, var ikkje noko skilt her (Vassbygdi) då til endestasjonen» (par i slutten av 20-åra, Skien)

«Det einaste vi lurar på er kor mange km du går når du går stien rundt Bjørnestigen, det fann vi ikkje ut av» (2 kvinner i midten av førtiåra, Asker).

«Eg tenkte litt på førehand kvar en kunne fylle vatn. Det hadde og vore fint å vite på førehand at du kom til WC» (2 kvinner i midten av 40-åra, Sunnmøre)

Landskap i endring

Med mindre dyr på beite er landskapet i Aurlandsdalen i endring. Nokre av informantane våre hadde gått turen tidlegare, fleire tiår tilbake, og såg no at det var grodd meir att enkelte stader:

«..Eit stykke etter Bjørnestigen var det no mykje skog og lite utsikt» (2 kvinner på 63 og 55, Sunnmøre).

Ei dame i 50-åra hadde lagt merke til gjengroing av kulturlandskapet og at det spesielt i siste del av turen var stader der ho tenkte at her hadde det vore fin utsikt, men at det no var for mykje tre og buskar som dekkja til (Par på 50 og 53 år, Sunnmøre).


I nedre del av turen var det slått med kantklyppar i anledning Aurlandsmarsjen og dette vart lagt merke til:

«Såg det var nyslått, nokon må ha gått og slått, det lukta nyslått og heilt nydeleg. Det synest eg var veldig fint fordi det er fort ein berre let det gro att gjennom sommaren». (Par i byrjinga av 40-årene, ungar på 8 og 11 år, Asker)

I kva grad samsvarar Aurlandsdalen med deira idealområde?

Avslutningsvis spør vi om i kor stor grad Aurlandsdalen samsvarar med deira «idealområde» jfr spm 11 over. Under ser vi at 55% svarar at det er fullt samsvar mellom Aurlandsdalen og det vedkomande tenkjer som sitt idealområde, medan 37% svarar at er ganske greitt samsvar. Når vi tolkar desse svara, bør vi hugse på at nokon av dei som svarar kan berre har gått øvre del av Aurlandsdalen, som har ein annan karakter og tilrettelegging enn den nedre delen. Svara vil difor kunne variere alt ettersom ein allereie har gått nedste delen, eller er på ein fleirdagarstur og har enno ikkje gått nedste delen av Aurlandsdalen. Når det gjeld svar-alternativet *ikkje* er samsvar, er det ingen turgåarar som tykkjer Aurlandsdalen ikkje er i samsvar med idealområde for vandring.

Turgåarar sine svar samla sett:



Oppsummering

Også når det gjeld tilrettelegginga for vandring har turgåarane generelt eit godt inntrykk av Aurlandsdalen. Fleire sette pris at stien var godt halde, at merkinga fungerte godt, og utedo og tilviste teltplassar vart sett pris på. Skilt som fortel

om kulturhistoria til dalen var også noko turgåarane likte godt. Det er også viktig å understreke at fleire av turgåarane tykte at nivået på tilrettelegging var tilstrekkeleg og at dei ikkje ynskte seg noko meir. 55 % av turgåarane opplevde også at Aurlandsdalen samsvara fullt med deira idealområde for vandring, medan 37 % tykte at Aurlandsdalen samsvara ganske greitt.

3.3. Logistikk og informasjon

I den kvantitative delen kjem det eit temmeleg eintydig bilete om at turgåarane var nøgde med logistikk og informasjon. Det er hovudsakleg i intervjuet at turgåarane formidla meir detaljar kring opplevinga og fortalde om utfordringar og ting som dei ynskte skulle bli betre. Vi vil difor berre trekke fram dei kvalitative svara i denne delen. Ein viktig årsak til å fokusere på dette i brukarundersøkinga av Aurlandsdalen, er at den totale opplevinga av turen blir og påverka av logistikken i rundt sjølve vandringa, og fleire trekker fram utfordringar knytte til transport. Det vil seie bussrutene som fraktar turgåarar frå Vassbygdi til Østerbø, men også som fraktar folk til og frå Flåm, der ein kan kople seg på toget, Flåmsbana og vidare på Bergensbanen. Det er også lagt opp til at turgåarar kan parkere bil på Vassbygdi for å nytte seg av busstilbodet. I tillegg er det mogleg å gå Aurlandsdalen via kollektivtransport til Finse eller frå Ål i Hallingdal, noko som også er verd å marknadsføre godt.

«Passa kjempefint»

I utgangspunktet var sjølve opplegget med parkeringsmoglegheiter på Vassbygdi og buss-samband Vassbygdi-Østerbø opplevd som noko positivt:

«Bil til Vassbygdi, bussen og tidene til Østerbø passa kjempefint» (Kvinne 44 år, kvinne 45 år, Skien)

«Vi overnatta på Skajem gard, og fekk tips om å kome tidleg på parkeringa på Vassbygdi. Var der kl 8 om morgonen, fekk plass, tok bussen til Østerbø og gjekk ned. Tider og buss passa heilt fint» (Kvinne 63 år, kvinne 55 år, Sunnmøre)

«I dag er siste etappe av ein fleirdagars tur. Vi var litt lure, vi sette bilen og sekkane på Østerbø, tok buss vidare til Steinbergdalshytta. Så gjekk vi til Østerbø (...) I dag buss frå Vassbygdi tilbake til Østerbø for å hente bilen. Passar fint. (Mann 56 år, Asker)

Fleire turgåarar nemner at dei skulle ynskt det var fleire avgangar i populære periodar. Når avgangane er få må ein del av turgåarane vente ei god stund på Vassbygdi:

Har bil på Østerbø. Det fungerte heilt til vi kom hit og såg at vi måtte vente litt. Så ringte vi til taxien, men dei hadde ikkje kapasitet (Mann 28 år, Skien)

Fleire av informantane var erfarne turgåarar og viste til andre turar når dei kommenterte korleis dei opplevde logistikken rundt Aurlandsdalen:

«Dei var på Dronningstien i fjor. Der køyrer det shuttel, dei kunne tenkja seg noko slik sidan dei gjekk på 5 timer som gjorde at dei måtte venta lenge etter buss opp til Østerbø» (Kvinne 50 år, mann 49 år, Norge).

Kollektivt heile vegen

Andre trakk også fram at det var veldig fint å kunne reise kollektivt heile vegen, til dømes frå Austlandet, for å gå Aurlandsdalen. Men, dei meinte at tilbodet ikkje var gjort godt nok kjent for turgåarane:

«Med tog frå Oslo er ein større og lett mulighet for å reise til Vestlandet utan bil, men er ikkje særleg fronta» (Mann, 30 år, Oslo)

Ein annan informant kommenterte løysinga med å ta Flåmsbana som altfor kostbart for ein familie og valde å køyre bil i staden:

«Saknar busstilbodet frå Geilo. Tidlegare var det mogleg å ta morgonbuss, gå dalen, og ta kveldsbuss tilbake. Så frå Hallingdal er busstilbodet ikkje så godt lengre. Flåmsbana er eit svært dyrt alternativ, særleg for ein familie» (Mann 56 år, Asker).

«Ikkje sjølv kommunikasjone, men infoen var for dårleg»

Utfordringane som kom fram under intervjuet er først og fremst knytt til informasjon rundt dei ulike bussavgangane. Generelt snakka informantane om at det var vanskeleg å finne info på samla stad, riktig eller oppdatert informasjon. Det var heller ikkje alle som hadde forstått at det fanst både rutebuss frå Skyss og eit kommersielt busstilbod frå Norway's Best.

«Å kome til utgangspunktet for turen skal eg innrømme var litt vanskelig. Ikkje sjølve kommunikasjonane, men infoen var for dårlig. Vi enda med ... har hytte på Hemsedal, så vi køyrde to bilar (...) Vi torde ikkje å stole på ... nokon sa at det gjekk ein buss. Men då vi ringte skyss...Vi prøvde alle app'ane, Entur... Skyss, ringte Geiterygghytta, Aurlandsdalen turisthytte som ikkje svara på telefonen» (Mann, 51 år, Bergen)

Nokre av informantane hadde gått Aurlandsdalen mange gongar tidlegare og var godt kjende. Men også desse nemnde at informasjon kring busstilbodet kunne betrast:

«Eit anna år erfarte dei at bussen slutta å gå tidleg i september, dvs veka før dei skulle gå. Men generelt tykte dei at dei fekk god info frå overnattingsstaden. Men det burde informerast betre om at det finst fleire busselskap, at her er ulike tider og ulike prisar» (Ektepar 63 og 65 år, Halden).

Uvissa kring busstilbodet og dei få avgangane som var viktige å rekke for heimreisa sin del gjer at ein del av fotturistane meir eller mindre skundar seg gjennom dalen. Dette får ikkje minst følgjer for moglegheitene for å utvikle serveringstilbod på Sinjarheim. Ein del av fotturistane opplever at dei ikkje har tid nok til å stogge, eller dei fryktar at dei har for lite tid og fryktar å misse bussen. Som resultat opplevde fleire å vente ei god stund på Vassbygdi før bussen kom, men gav uttrykk for at det var vanskeleg å berekne tidsbruken.

«Kona sier at det var mange som gikk forbi (Sinjarheim). Som følte de trengte tida og dermed ikke ville stoppe der» (Mann 50 år og kvinne 53 år, Sunnmøre)

Ein annan informant trakk fram at han misforstod litt kvar Vassbygdi Servicestasjon låg, bygget som ligg ved enden av turstien nedst i Aurlandsdalen og som tilbyr WC, dusj og ein open kiosk. Utanfor kiosken er det fleire benkar. For turgåarane er dette ein sentralt knutepunkt, med tilrettelagt gratis parkeringsplass. Informanten fortalde at han misforstod kvar denne staden låg og forveksla Vassbygdi med uteområdet utanfor Eco Energi, som han tykte såg ut som ein stor, tilrettelagt parkeringsplass, og som han omtala som «ein skule». Under intervjuet informerer eg han om at dette er Eco energi, ikkje ein skule.

«Det å planlegge herifrå... Eg har vore her ein gong før. Då var vi ved skulen i Aurland, trur eg. Eg misforstod denne plassen (peikar på Vassbygdi servicestasjon) (...) kvar eg skulle ta bussen frå. Eg ringte Flåm taxi utan hell. Prøvde å sjå på Google Maps, men det er vanskeleg å vite når du ikkje er kjent (...) Eg trudde den skulen .. Eco, mange parkeringar, ikkje heilt tydeleg kven av desse stadane bussane går i frå. Stadane kan gå litt i vegen for kvarandre» (Mann 33 år, Oslo)

Overnattingsstadane som info-hub

Fleire av turgåarane viste til at dei hadde leita etter buss- og togtider på hyttene, ringt til eller snakka med dei som jobba der. I intervjuet kom det fram litt ulikt syn på dette, at ikkje informasjonen var riktig eller mangla oppdatering:

«På Østerbø sa dei at det ikkje går buss på søndag, men det stemmer ikkje» (turgåarane skulle tilbake til Geiterygghytta) (2 kvinner 42 år, Asker)

Her kan det tenkjast at dersom turgåaren ikkje finn fram i informasjonen før sjølve turen, søker han informasjon på hyttene og hjå vertskapet der. Spørsmålet er om hyttene har ei viktigare rolle som formidlar av informasjon enn kva ein har tenkt seg? Vidare, kva ansvar kjenner hyttevertskapet på å ha oppdatert og riktig informasjon?

«Var usikker på om det var lov til å ha med hund»

Fleire informantar nemnde at dei hadde med seg hund på turen, men at det var vanskeleg å finne ut om det var tillate med hund på bussane og overnattingsstadane. Nokre av informantane understreka at mange skaffa seg hund under pandemien, og at behovet for informasjon om dette var viktig for fleire turgåarar enn før.

«Vi køyrde opp, har med hund, var usikker på om det var lov til å ha med hund på buss. Så leste vi oss fram til at det ikkje var lov. På Norway ... den der best. Der stod det hund ikkje tillate. Det var litt minus for oss. Måtte gå raskt for å rekke kl tre-bussen, så rakk vi den med god margin. Så drog to av oss for å hente bil. Men

eg trur det er lov å ha med hund på rutebussen (Trur det går rutebuss om morgonen, men då var det litt sånn jaja, då får me berre ta bil» (Kvinne 41, Asker).

Under intervjuet kjem det fram at berre det eine busselskapet tek med hundar på bussen. Ein stor del av turgåarane har hund og då er det færre bussavgangar for desse gruppene.

Korrespondanse

Ein av turgåarane nemner at det ikkje var korrespondanse mellom bussen frå Vassbygdi og Flåm, slik at det var mogleg å rekke Flåmsbana og dermed vidare tur med Bergensbanen. Det var i følge turgåaren ikkje mange minuttar om å gjere. Ettersom ei slik oppleving ikkje er nemnt andre stadar i datamaterialet, bør ein tolke svaret med varsemd. I staden gjev det grunnlag for å undersøke nøyare om ein slik manglande korrespondanse finst, og om ein i så fall kan endre noko for å lette turgåaren si heimreise.

Oppsummering

I utgangspunktet fungerer infrastrukturen godt i følge intervjuet med turgåarane, med moglegheit for buss mellom start- og stopp-punktet. Utfordringane er knytt til informasjon før og etter sjølve turen. Turgåarane trekk fram eit forbettringspotensial knytt til informasjon om busstilbodet, samt ei justering av tidspunktet for bussavgangar og sikre at det er korrespondanse med Flåmsbana og Bergensbanen.

3.4 Er det interesse for matsservering og overnatting langs stien frå Østerbø til Vassbygdi?

3.4.1 Servering av mat og drikke

I det kvantitative materialet svarar turgåarane slik på spørsmål om dei ville vere interessert i å kjøpe mat og drikke under vandringa i Aurlandsdalen: 61% svarar ja (82 personar) og 39 % svarar nei (52 personar). Her må vi presisere at ei overvekt av skjema vart utfylte ved Østerbø Fjellstove og Aurlandsdalen Turisthytte av personar som var på fleirdagars tur og som allereie kjøper mat og drikke på vegen. Men om ein deler svara inn i dei som er på dagstur og dei som er på fleirdagarstur ser ein likevel at bilete er temmeleg likt. 60 % av dei som går dagstur er interesserte i å kjøpe mat og drikke, medan 63 % av dei som går fleirdagars tur er interesserte.

Dersom ein skal ha eit tilbod om mat og drikke langs den nedre strekninga, bør ein vite kva prisnivå ein skal legge seg på. Her svarar heile 78,3% av dei som seier dei ynskjer å kjøpe mat og drikke at dei føretrekk eit middels prisnivå, medan 14,5% ynskjer eit lågt nivå og 7,2% ynskjer eit høgt prisnivå. Her ser det såleis ut til å vere god betalingsvilje for eit tilbod langs stien.

«Gjerne kaffi og vaffel»

I intervjuet får vi litt meir informasjon om kvifor turgåarane svarar som dei gjer. Når det gjeld spørsmålet om matsservering i Aurlandsdalen, meiner dei fleste av turgåarane at det ville vere heilt naturleg med enkel servering ved Sinjarheim. Sinjaheim er ein naturleg stoppestad langs ruta og ligg avstandsmessig 2/3 langs ruta til Vassbygdi.

Generelt var turgåarane positive til å få kjøpe noko lett mat på Sinjarheim, i kategorien «kaffi og vaffel» som dei omtala som lett mat når dei skal gå vidare. Det var i så fall viktig at det vart godt informert før dei byrja å gå, slik at dei kunne planlegge ein stopp. Middagsservering var ikkje aktuelt for dei som ville gå vidare.

På spørsmål om turgåarane ville vore interessert i å kjøpe mat og drikke under vandringa, var dette eit ganske typisk svar: «Ja, viss du kunne ha fått ein øl eller ein eplemost på den garden då. Veldig unik lokasjon og bebyggelse. Det trur eg kunne vore veldig.. då hadde me sett oss ned og ete lunsj, viss det var noko mat der» (Kvinne og mann, 27 og 28 år, Skien).

Om ein skal i gang med servering, må det bli tydeleg informert om dette, både på internett og på turisthyttene. Med god informasjon kan vandrara ta det med i planlegginga si, både i høve pakking av matpakke og i høve tid dei set av til lunsjpause ved Sinjarheim før dei eventuelt skal rekke ein buss i Vassbygdi.

No stod det skilt med «ope» utanfor Sinjarheim, og fleire håpa då på at det var servering der. Særleg gruppene med born (og born over 15 år) vektla at det hadde vore kjekt med servering der. Nokre uttala også at dei trudde det var servering der, viste til eit skilt som stod «ope» på, men at dei vart skuffa då det ikkje var noko der.

På spørsmål om betalingsvilje samanliknar dei eit slikt initiativ med andre, tilsvarende stader, som Gaustadtoppen, og omtrent 30 kr for ein kopp kaffi og 30-40 kr for ein vaffel vart føreslege. Ein turist nemne og at dei gjerne kunne selje andre tilleggsartiklar, til dømes t-skjorter eller panneband med «Aurlandsdalen» på. Slikt kan gje ei lita tilleggsinntekt, men fleire nemner at det er viktig at ein beheld det autentiske ved Sinjarheim og at ein må unngå å kommersialisere staden.

Oppsummering

Generelt var det fleire som var positive (61 %) til matsservering, enn dei som ikkje var interesserte (39%). Sinjarheim var ein naturleg stad å stogge for servering. Sjølve mattilbodet var det mange som meinte burde vere enkel med bakgrunn i at dei skulle gå vidare same dag. Det var også viktig at tilbodet var godt marknadsført og informert om før dei byrja å gå turen. Innhaldet i matsserveringa kunne gjerne vere lokalprodusert. Turgåarane ynskte seg eit middels prisnivå, men viste forståing for at mat kunne koste litt meir på ein høgdegard som Sinjarheim fordi alt skulle fraktast dit. utfordringa med å

utvikle noko meir enn lett mat heng saman med at Aurlandsdalen er ein godt innarbeidd dagstur, samt at bussavgangane kan skunde på turgåarar og føre til at pausen på Sinjarheim vert nedkorta.


3.4.2. Ynskjer dei å overnatte i Aurlandsdalen?

I spørjeskjema svarar 78% av dei spurte at dei ynskte å overnatte i dalen, 22 % kunne ikkje tenke seg å overnatte.

Om ein her skil mellom dei som er på dagstur og fleirdagars tur så ser ein at sjølv blant dei som er på dagstur er det 65% som ynskjer å overnatte i Aurlandsdalen, og dermed 35% som ikkje ynskjer det. Av dei som går fleirdagars tur, kunne 85 % tenkje seg å overnatte, medan 15 % ikkje ynskjer det.

Føretrekt overnatting samla sett:

Ser ein på type overnatting dei kan tenke seg, er det flest som vil overnatte anten i betent (70%) eller ubetent hytte (40%), men og 38% som kan tenke seg å bu i telt. For ordens skuld, turgåaren kunne krysse av for fleire svaralternativ og difor vert det totalt meir enn 100%.



«Å gå dalen»

På intervju spørsmål om overnatting verkar det som ein litt ny tanke for mange. Aurlandsdalen er kjend som ein dagstur, og det krevst truleg god marknadsføring dersom om ein skal legge inn ei overnatting til på vandreturen. Slik informanten under nemner, ynskjer han seg

Trur nok ikkje vi hadde vore aktuelle for overnatting. Då måtte vi ha gått inn i går kveld, og så måtte det ha vore noko meir då. Noko opplegg (Mann 28 år, Skien)

Distansen frå Østerbø til Vassbygdi vert opplevd som ein fin, lang dagstur. Skal ein inn med ei overnatting, kan det anten vere for barnefamiliar på veg mellom Østerbø og Vassbygdi, eller at ein går ein dagsmarsj frå Steinbergdalshytta til dette nye alternativet, slik ein av informantane fortel under. Dermed blir dagsetappen passe lang:

Viss ein går frå Steinbergdalshytta, er det ein naturleg stopp. No blir det for kort (kvinne, 40 år, Australia)

Andre turgåarar let seg fascinere over tanken på å overnatte på høgdegarden Sinjarheim, men understrekar at komfort også spelar ei rolle:

Høyrest idyllisk ut å overnatte på Sinjarheim, men set pris på serveringa på turisthytta (kvinne 33 år, Sverige, mann 31 år, Frankrike)

Oppsummering

Fleirtalet av dei som svara på spørjeskjema var positive til å overnatte (78%), av dei som er på dagstur ynskjer 65% å overnatte, medan av dei som gjekk fleirdagarstur var 85% positive til overnatting. Begge gruppene er positive til å overnatte i betente hytter med oppreidde senger, men dei som går fleirdagars tur var meir positive til dette, enn dei som går dagstur. Samstundes gjeld den same utfordringa med å utvikle overnattingstilbod som med matsservering, det

godt innarbeidde dagsturkonseptet, til at mange turgåarar tenkjer at det ikkje er behov for overnatting på ei så kort strekning.

3.5 Korleis stiller vandrane seg til besøksbidrag og dugnad?


Aurlandsdalen er som tidlegare omtala ei historisk vandrerute som vert halde i hevd gjennom dels midlar frå Riksantikvaren (skilt), men også Miljødirektoratet, Aurland kommune, Sparebanken Sogn og Fjordane, Vestland fylkeskommune har vore med og finansiert større tiltak i Aurlandsdalen. Arbeidet vert i hovudsak utført av grunneigarar, Venneforeininga av Aurlandsdalen, og andre frivillige.

Kan dei tenke seg å gje eit bidrag til forvaltninga av området?


I det kvantitative materialet svarar turgåaren på spørsmålet om dei kunne tenke seg å bidra til vedlikehaldet av Aurlandsdalen slik: 42% svarar ja og 58% svarar nei. Det er altså ein majoritet som ikkje kunne tenke seg å bidra. Her kan det hende at formuleringa av spørsmålet gjer at respondenten tenkjer vi spør etter praktisk dugnadsarbeid, og at dei ikkje les dei ulike alternativa i spørsmålet under. Ettersom turgåarane var meir positive til bidrag i intervjuet, kan ein også tenkje at det er enklare å svare nei i eit spørjeskjema, når ein ikkje sit ansikt til ansikt med ein intervjuar.

Det var også stor skilnad på kva turgåarane svara når vi deler dei opp i med og utan turerfaring. 87% av turgåarane som aldri har vore på fleirdagars tur er negative til å bidra, medan 52% av dei med større turerfaring ynskjer å bidra. Her er skilnaden temmeleg stor mellom turgåarane og ei sannsynleg forklaring er at mindre turerfaring gjev mindre kunnskap og innsikt i tilrettelegging og arbeidet som ligg bak.


Aldri vore på fleirdagarstur:



Vore meir enn fem gonger på fleirdagarstur:



På kva måte ynskjer turgåarane å bidra?



Ei lita avgift på 30kr pr person er fint for 67% av dei som svarar at dei ynskte å bidra (38 personar), 23% (13 personar) såg for seg påslag på overnatting og transport, og 25 % (14 personar) ville vere med på dugnad. Her gjev dei kvalitative intervjuar meir utdjupande svar (sjå under). For ordens skuld, her kan turgåaren setje fleire kryss, difor vert total sum høgare enn 100%. Ein bør også merke seg at det var berre 57 personar som svarta på dette spørsmålet og at ein difor må tolke svara med varsemnd.

Dersom ein berre ser på dei 34 utanlandske turgåarane, så er det 16 som ikkje ynskjer å bidra, 13 vil bidra, og 5 vel å ikkje svare. Eit bidrag, i form av avgift, dugnad eller påslag, ser dermed ikkje ut til å være *meir* negativt for utlendingar. I diskusjon om fellesgodefinansiering ser ein gjerne at argument mot denne type finansiering er at den vil treffe utlendingar ekstra hardt, i og med at Norge allereie er eit høgkostnadsland. Datamaterialet er naturleg nok for lite for å konkludere noko rundt dette.

	Bidra [%]	Ikkje bidra [%]
Totalt (alle respondentar)	42	58
Ikkje vore på fleirdagars tur	13	87
Meir enn 5 gonger	42	58

Tabellen over syner at der størst vilje til å bidra blant dei som har mest friluftslivserfaring. Blant dei som aldri har gått fleirdagstur er det berre 13% som ynskjer å bidra i ei eller annan form. Årsaka til at vi har med ei slik inndeling, er at ein kan tenkje seg at ein må nytte ulike verkemiddel for å oppnå bidrag frå folk med ulik turerfaring.

Positive til å støtte

I intervjuet gav vandrane uttrykk for at dei var klare over at det ligg mykje arbeid bak det å halde stien som han er. Dei hadde lagt merke til sikringstiltak, kulturlandskapsskjøtsel, skilt, toalett, bruer og informasjonstavler. Dei såg at det vart lagt ned ein innsats og det var stor semje om å ville bidra inn i dette arbeidet med ei form for avgift. Det gode arbeidet som har blitt gjort gjennom tilrettelegging og landskapsskjøtsel har dermed bidrege til positive haldningar til å støtte dette arbeidet.

«Vil gjerne bidra, og det er ein jo vant til overalt nå. For ein veit jo at det kostar å halde området.» (To kvinner i slutten av 20-åra, Bergen)

«Vil gjerne betale for å få ha det så fint som vi har hatt det i dag» (To kvinner i slutten av 50-åra, Bergen)

Ikkje påbod

Meiningane var likevel delte om korleis denne avgifta burde bli henta inn. Nokre meinte at ein slik tur basert på Allemannsretten i utgangspunktet bør vere gratis, og at det er eit viktig prinsipp at ei slik avgift er frivillig:

«Må vere frivillig. Å ta betal for noko i Norge når vi er vane med Allemannsretten trur eg er litt vanskeleg.» (Kvinne og mann 63 og 65 år, Halden).

«Eg er for å bidra, men vil ikkje at ei avgift skal være obligatorisk, det skal være gratis å gå i fjellet» (Foreldre ca 55 år og to barn på ca 15 og 17 år, Oslo).

Fleire er vane med å betale ulike former for frivillige løypebidrag og parkeringsavgifter ved populære turområde no. Vandrarene ga fleire døme på løypebidrag i andre fine naturområde. Det å kunne betale frivillig ein sum på Vipps vart av mange sett på som ei naturleg løysing:

«Veldig for eit frivillig Vipps-bidrag» (Mann og kvinne ca 45-50 år, Rogaland)

«Eg ville gjerne Vippsa litt viss det hadde stått eit skilt sånn i starten... her er du som har hjelpt til med å halde stien open, vipps litt - hadde lett gjort det» (Kvinne og mann, 27 og 28 år, Skien).

Samstundes vart det påpeika at om det var ei frivillig avgift så kunne ein risikere å få inn veldig lite pengar totalt sett.

«..trur færre ville betale om det er frivillig». (2 kvinner i slutten av 50-åra, Bergen).

«Har liten tru på frivillig betaling...» (Mann 56 år, Oslo)

Påslag

Påslag på overnatting meinte fleire var positivt. Men då treff ein ikkje dei som ligg i telt, og overnattingane vert ekstra dyre, noko som kan slå negativt ut for turisthyttene. Då må ein i tilfelle opplyse tydeleg om kva dette påslaget går til og om den jobben som vert gjort.

Ein turist gjorde oss merksam på at det ikkje var betaling for parkering i Vassbygdi, noko som for han var ei openberr kjelde til inntekter. I dag er ein van med å måtte betale for parkering ved populære turmål, og når tilrettelegging og skjøtselsarbeidet er så tydeleg for vandraren undervegs, vert det å betale ei parkeringsavgift oppfatta som naturleg. Her kan det verke som om betalingsviljen er temmeleg høg, der det å betale ein hundrelapp for å gå ein flott tur var heilt greitt. Samstundes må ein hugse på at lovverket slik at ein kan krevje parkeringsavgift til arbeid som høyrer til parkeringsplassen (skjøtsel av

sjølve parkeringsplassen, rasteplass og wc), men at parkeringsavgift ikkje skal nyttast til vedlikehald av ein tursti.

Eit anna moment er at folk oppfattar at dei allereie legg att pengar gjennom prisnivået i Norge, men også gjennom DNT-systemet. Frå ein turgåar sin ståstad er det kanskje ikkje openbert kva dei ulike aktørane, som til dømes DNT, har ansvar for og kva oppgåver som høyrer til andre aktørar. Her er eit utsagn frå ein utanlandske turgåar som hadde budd i Norge i nokre år:

«Eg er van med turistskatt frå både New Zealand og Australia. Her føler eg at ting er dyre nok og eg tenkjer at me bidreg gjennom DNT, når vi bur på hytter på den måten» (kvinne 40, Australia).

Dugnad for lokale eller spesielt interesserte

Når det kom til spørsmål om turistane kunne tenke seg å bidra gjennom dugnadsarbeid, meinte alle vi spurde at det ville vore kunstig i og med at dei kjem reisande langvegsfrå for å gå anten ein dagstur eller ein definert fleirdagarstur.

«Bur for langt unna til å kunne bidra i dugnad». (2 kvinner på 44 og 45 år, Skien).

«Dugnad må være for lokale eller spesielt interesserte» (2 kvinner i slutten av 20-åra, Bergen)

Dei ser ikkje heilt korleis dugnadsarbeidet skulle blitt fletta inn i deira tur, eller at dei skulle kome eins ærend til Aurland for å bidra på dugnadsarbeidet. Det verka og noko kunstig å skulle bidra på dugnad i ein dal dei færraste har noko forhold til. Ei avgift var dermed ein betre måte å bidra på for tilreisande.

Ei ung jente meinte at dersom dugnad skulle vere aktuelt, måtte det i tilfelle bakast inn i eit større arrangement, som til dømes ein musikkfestival.

Oppsummering

I det kvantitative materialet ynskjer 42% av turgåarane å bidra til vedlikehald av Aurlandsdalen medan 58% svarar nei til besøksbidrag eller dugnad. AV dei

som ynskte å bidra svara 67% av dei ville betale ei avgift på 30 NOK. Turgåarane var mindre positive til å bidra i det kvantitative materialet, enn korleis dei framstår i intervju. I intervju er turgåaren meir positive og syner forståing for alt frivillig arbeid som var nedlagt i stien. Dei ville i hovudsak bidrag med låg sum, men frivillig avgift per person, samstundes som dei var skeptisk til kor mykje frivillig avgift ville kome inn. Deretter var påslag på transport og overnatting eit alternativ, medan dugnad kom nedst på lista. Så å seie ingen av dei intervju var positive til å bidra med arbeid, og grunngjevinga var at dei budde langt vekke. Dugnad var for særskilt interesserte, eller lokale.

4 Oppsummering

4.1 3.1 Vandreturen Aurlandsdalen – eit godt og innarbeidd vandrekonsept

«Brukarundersøkinga i Aurlandsdalen 2022» viser tydeleg at vandrarane synes strekninga mellom Østerbø og Vassbygdi gjev dei store naturopplevingar. Dei skildrar eit variert og vilt landskap som endrar seg etter kvart som ein kjem ned mot Vassbygdi. Turistane trekker særskilt fram kontrastane og variasjonen i landskapet, og at kulturhistoria kjem så tydeleg fram undervegs. Kvalitetane i turen blir og spegla i at fleire av dei tilreisande har vore der før. Dei vel å kome attende, nokre hadde vore der sjølv som born og ville no vise dalen til eigne ungar.

Vandrarane var gjennomgåande merksame på, og nøgde med tilrettelegginga i dalen. Dette gjaldt sikring av utsette parti, skilting, bruer og vedlikehald av sjølv stien. Skilta som informerte om kulturhistorie vart og trekte fram. Informasjonen gjorde dei meir merksame både på at det var ein gamal ferdselsveg dei gjekk langs, og dei gamle tuftene og spora etter ferdsel ein kunne sjå langs stien. Fleire hadde også sett at graset hadde vore slege i den nedre del av turen.

Det er viktig å understreke at fleire vandrar var nøgde med nivået på tilrettelegginga og trakk fram døme på kva dei ikkje ynskte å oppleve i Aurlandsdalen, som til dømes «*sherpatrapper og autostrada*» (Par i slutten av femtiåra, Tønsberg). Jamt over gav mange av fotturistane uttrykk for denne haldninga, og viste mellom anna til at ein er nokså varsam med tilrettelegging i norske fjell, og at det no er bra slik det er.

Tilrådinga vår er difor at nivået på tilrettelegging i sjølv Aurlandsdalen er god nok, men dersom noko skal betrast, er det informasjonen om sjølv dugnadsarbeidet: informasjon om kva som er gjort, kven som utfører arbeidet og til kva tider, kan gjerne informerast om ved hjelp av tekst og foto, til dømes frå dugnadsarbeidet. Denne tilrådinga heng også saman med om ein skal be om tilskot i form av frivillig avgift, eller ikkje (sjå 3.5).

4.2 Informasjon før og etter vandreturen

Det er ikkje under vandringa, men før og etter vandreturen gjennom Aurlandsdalen, at det er størst rom for betring. Fleire av turgåarane opplevde vanskar med å orientere seg på førehand i busstilboda, om dei ulike busselskapa og kor vidt det var mogleg å frakte med seg hund på bussen. Dei viste til ulike nettstadar og det verkar ikkje som at dei ulike nettstadane, som til dømes www.ut.no eller www.aurlandsdalen.com, gjev eit tydeleg inntrykk av kven av nettstadane som er den offisielle nettstaden som turgåarane bør forholde seg til. Når det gjeld informasjon i etterkant, trakk ein del vandrara fram opplevinga av å kome ned til Vassbygdi servicestasjon. Ikkje alle oppfatta Vassbygdi som endestasjon med tilbod om wc, dusj og kiosk eller som knutepunkt for busstilbodet.

Tilrådinga vår er difor å sjå nærare på dei ulike *nettstadane*, og kontrollere at tilstrekkeleg informasjon er på plass. Det er viktig å skilje mellom informasjon på førehand, altså i planleggingsfasen, og informasjon når turistane er kome på staden: Vassbygdi-Østerbø/Aurlandsdalen turisthytte. Både før og under turen må informasjon også vere godt tilgjengeleg og oppdatert. Kan ein også legge inn tips til turgåarar, som til dømes å kjøpe elektronisk bussbillett på førehand, om dei ulike busselskapa har ulike tider, prisar og moglegheiter for å ta med hund?

Når det gjeld turisthytter eller andre *overnattingsstadar* si rolle, kan ein drøfte deira rolle som informasjonskjelde for turgåarar. Kan ein ta ein systematisk gjennomgang av rutetilbodet? Kan nokre av overnattingsstadane bli betre i forhold til informasjon? Vidare kan ein sjå nærare på utforminga av Vassbygdi, om naudsynte fysiske skilt er på plass. Oppfattar både turgåarar frå Aurlandsdalen og køyrande sørfrå det same når det gjeld kva rolle Vassbygdi servicestasjon spelar?

3.3. Logistikk

I utgangspunktet fungerer infrastrukturen godt, i følgje intervjuar med turgåarane, med moglegheit for buss mellom start- og stopp-punktet. Utfordringane er knytt til informasjon før og etter sjølve turen, slik det er omtala i teksten over. Når det gjeld sjølve kollektivtilbodet, trekk turgåarane fram forbetringspotensial knytt til justering av tidspunktet for bussavgangar og sikring av at det er korrespondanse med Flåmsbana og Bergensbanen.

Tilrådinga vår vert å kontrollere om det er korrespondanse for å unngå irritasjon kring bruk av kollektivtilbodet, samt sjå på bussavgangane. Er tidene gode nok? Vidare kan ein sjå på om kombinasjonen med tog og buss til start- og sluttpunktet for ein av dei mest kjende vandreturane på Vestlandet kan marknadsførast betre. I eit berekraftsperspektiv kan ein også undersøke nøyare om reisande som vel kollektivtransport kan premierast på ein eller annan måte, til dømes ved rabatt på overnattingsstadar slik Gjendesheim praktiserer det. Kan eit samarbeid med DNT sin seksjon for natur og bærekraft vere nyttig?

3.4. Matsservering og overnatting i Aurlandsdalen

Med utgangspunkt i at Aurlandsdalen er eit godt innarbeidd dagsturkonsept og at dei fleste tek ein kortare stogg, er tilrådinga enkel servering, kaffi og eller anna drikke, og noko enkelt å bite i. Lokalt produsert produkt, som eplejuice, er etterspurt blant fotturistane.

Når det gjeld overnatting, var fleire skeptisk av same årsak. Aurlandsdalen er for dei fleste ein dagstur og behovet for overnatting er lågare. Dei som var positive til overnatte kunne tenkje seg telt (flest dagsturistar) eller i betent hytte med oppreidd seng og matsservering (dei som var på fleirdagstur).

Tilrådinga vår kring auka verdiskaping frå å utvikle servering- og overnattingstilbod i Aurlandsdalen vert å knyte dette til Sinjarheim, marknadsføre godt på nett og fysiske skilt ved inngangane til Aurlandsdalen (Østerbø og Vassbygdi), men samstundes utvikle eit så godt tilbod at turgåarar vel å bryte opp dagsturen gjennom Aurlandsdalen og bruke meir tid på strekninga Østerbø-Vassbygdi. Spørsmålet er om ein kunne utvikle kortare turar frå Sinjarheim til andre omkringliggende høgdegardar eller stølar? Overnattingstilbodet bør gjerne også vere i tråd med kva DNT tilbyr av overnattingar, medan telt og hengekøyer bør verte vist til tilrettelagte stadar. Auka trafikk og auka overnatting vil også gje auka behov for utedo og drift av denne.

3.5 Bidrag til forvaltninga

Flest turgåarar var positive til å bidra til å tilrettelegging av vandring gjennom ei frivillig avgift på heller låg sum, som til dømes 30 NOK per person. Tilrår informasjonsskilt,

hovudsakleg der vandrarane kjem ned til Vassbygdi. Eit viktig funn er at det gjerne er i etterkant at vandrarar truleg har størst forståing for arbeidet som er gjort for å legge til rette for ei god vandreoppleving. Motivasjon for å gje eit frivillig bidrag vil truleg vere størst då. Informasjon bør difor forklare kva arbeid som er gjort, at det er dugnadsbasert og gjerne med namn eller foto på dei som bidreg, til dømes eit stilisert bilete av folk i arbeid. Dermed vert det enklare å identifisere seg med dugnadsarbeidet når ein opplever møte med personane bak tilrettelegginga. Samstundes kan det vere verd å undersøke nærare om det krevst ulike verkemiddel for å motivere ulike typar turgåarar til å bidra, med andre ord skilje mellom erfarne og uerfarne turgåarar.

Når det gjeld bidrag i form av dugnad, bør ein ta stilling til spørsmål om kompetanse for å delta i ein dugnad. Det vil vere behov for tid for å lære opp folk og tid til å organisere ei gruppe menneske. Kanskje er det til sjuande og sist meir effektivt å vere ein liten men kompetent gjeng, enn å vere ei større gruppe som treng mykje opplæring?

Tilrådinga vår er at viss ein ynskjer bidrag frå turgåaren bør det vere eit frivillig bidrag, som ei testordning, med god informasjon om kva pengane går til. Vidare bør ein også gjere ei undersøking blant lokalbefolkning eller folk med tilhøyrigheit til Aurlandsdalen om dugnad er interessant.

3.6 Ei heilskapleg, god vandreoppleving

Innan forskning på turistopplevingar snakkar ein gjerne om den heilskaplege turistopplevinga, der alle delar av ei reise verkar inn på den totale opplevinga ein reisande sit att med (Pedersen, 2015, Cutler & Carmichael, 2010). Eit anna ord for heilskapleg turistoppleving er kundereisa. Poenget med å trekke fram denne heilskaplege opplevinga, eller kundereisa, er at sjølv om vandrarane var nøgde med sjølve vandringa i dalen, er det andre erfaringar kring til dømes logistikken eller informasjonen rundt vandreturen, som kan trekke ned opplevinga. Dersom ein klarar å identifisere desse elementa som påverkar den totale opplevinga i negativ retning, adressere ansvaret til rett stad og deretter utbetre desse elementa, vil ein også betre den heilskaplege opplevinga av Aurlandsdalen som vandrerute.

Referansar

Aase, T. H. & Fossåskaret, E. (2014). Skapte virkeligheter: Om produksjon og tolkning av kvalitative data. Universitetsforlaget.

Cutler, S. Q. & Carmichael, B. (2010). The dimensions of the tourist experience. I: Morgan, M., P. Lugosi og J.R.B Ritchie. The Tourism and leisure experience. Consumer and Managerial perspectives. Bristol, Channel View Publications.

Vorkinn, M., Boe, R., Larsen, L. (2018). *Brukerundersøkelser som verktøy for forvaltning av verneområder.* Veileder. Miljødirektoratet, M-930/2018.

Pedersen, A.J. (2015). Opplevelsesbasert verdiskaping. Oslo, Cappelen Damm Akademisk.

Reynolds, R. A., Woods, R., Baker, J. D. (2006). Handbook of Research on Electronic Surveys and Measurements. Calgary: Idea Group Inc.

Rubin, A., Babbie E.R. (2009). Essential Research Methods for Social Work. Boston: Cengage Learning.

Stevenson, N. (2016). Reflections Upon the Experience of Longitudinal Research into Cultural Event Production in a Developing Destination. *International Journal of Tourism Research*, 18(5), 486–493. <https://doi.org/10.1002/jtr.2066>

Teigland, Jon (1994). «Konsekvenser av naturinngrep for fritidsbruken av natur. Erfaringer fra kraftutbygging i Aurlandsdalen», Bø, Telemarksforsking.

Thyri, Hans H. (2008). Aurlandsdalen. Frå Vidda til Vangen. Leikanger, SKALD

Vedlegg

Vedlegg 1 og 2: Spørjeskjema norsk og engelsk

Aurlandsdalen 2022						
1) Kvar kjem du frå?						
Viss du bur i Norge, kva er postnummeret ditt?						
Anna, skriv kva land du kjem frå:						
2) Kjønn/aldar:	<input type="checkbox"/>	Kvinne:	år	<input type="checkbox"/>	Mann:	år
	<input type="checkbox"/>	Hen:		<input type="checkbox"/>	år	
3a) Kva er hovudføremålet med <u>denne</u> turen i Aurlandsdalen? (Set kryss der det passar)						
<input type="checkbox"/>	Vandring	<input type="checkbox"/>	Jakt/Fiske	<input type="checkbox"/>	Anna, i så fall kva?	
3b) Kor lang tid varar <u>denne</u> turen?						
<input type="checkbox"/>	Dagstur	<input type="checkbox"/>	Fleirdagarstur	Viss fleire dagar, kva strekning har du gått/ skal du gå? Skriv her:		
4a) Kven reiser du saman med? (Set eitt eller fleire kryss for det som passar best)						
<input type="checkbox"/>	Eg reiser aleine	<input type="checkbox"/>	Partnar/ ektefelle	<input type="checkbox"/>	Familie	<input type="checkbox"/>
		<input type="checkbox"/>	Vener	<input type="checkbox"/>	Organisert tur	
4b) Er det barn <u>under 15 år</u> med i turfølgjet?						
<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>	Ja, alderen på det yngste barnet er: år			
5) Kor mange gonger har du vore i Aurlandsdalen tidlegare?						
<input type="checkbox"/>	Ingen	<input type="checkbox"/>	Somrar.....	ta/	<input type="checkbox"/>	Haust:.....ta/
		<input type="checkbox"/>	Vår:.....ta/			
6) Har du tidlegare vore på fleirdagars fottur, skitur eller båttur? (Uansett område)						
<input type="checkbox"/>	Nei, aldri	<input type="checkbox"/>	1-5 gongar	<input type="checkbox"/>	5 eller fleire gongar	
7) Korleis kom du deg til utgangspunktet for turen? (Set ring rundt svaret som passar)						
<input type="checkbox"/>	Med bil	Var det enkelt å finne fram?		<input type="checkbox"/>	Ja	<input type="checkbox"/>
		<input type="checkbox"/>	Nei			
<input type="checkbox"/>	Buss Vassbygdi-Østerbø	Kor godt passa busstidene?	<input type="checkbox"/>	Bra	<input type="checkbox"/>	Ok
		<input type="checkbox"/>	Dårleg			
<input type="checkbox"/>	Med tog til Flåm og buss Vassbygdi-Østerbø	Korleis var korrespondansen?	<input type="checkbox"/>	Bra	<input type="checkbox"/>	Ok
		<input type="checkbox"/>	Dårleg			
<input type="checkbox"/>		Kor godt passa busstidene for deg/dykk?	<input type="checkbox"/>	Bra	<input type="checkbox"/>	Ok
		<input type="checkbox"/>	Dårleg			
Kommentar:						
/ Snu arket!						

8) Tenk deg at du skal gå ein fleirtimars tur i fjellet om sommaren, og at området er slik DU helst vil ha det – som om det var ditt «idealområde». Ville det vere positivt eller negativt for deg at: (merk av eitt tal for kvar linje)							
	Svært negativt	Nøytralt					Svært positivt
... det finst tilrettelagde leirplassar med do, ved, bål	1	2	3	4	5	6	7
... du kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunkar	1	2	3	4	5	6	7
... det finst merkte stiar i området	1	2	3	4	5	6	7
... det er lagt ned trestokkar til å gå på der stien går over våt myr	1	2	3	4	5	6	7
... det finst hytter med matservering og oppreidde senger i området	1	2	3	4	5	6	7
... du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen	1	2	3	4	5	6	7
9) Er du nøgd med tilrettelegginga for friluftsliv i Aurlandsdalen?							
<input type="checkbox"/> Godt nøgd <input type="checkbox"/> Ganske nøgd <input type="checkbox"/> Misnøgd							
10) Kvar år blir kulturlandskapet og stien i Aurlandsdalen vedlikehalde av grunneigarar og frivillige. Kanne du tenke deg å bidra? (Set kryss for det som passar best):							
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei							
Viss JA, korleis?	<input type="checkbox"/>	Avgift 20 NOK per pers	<input type="checkbox"/>	Dugnad (vedlikehald av stiar, gjerder, slåttedag, kantslått o.l.)	<input type="checkbox"/>	Påslag på overnatting og transport (dvs. høgare pris)	
11) Ville du vere interessert i å kjøpe mat og drikke under vandrainga i Aurlandsdalen?							
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei							
Viss JA, kva prisnivå føretrekk du?	<input type="checkbox"/>		Låg	<input type="checkbox"/>	Middels	<input type="checkbox"/>	Høg
12) Ynskjer du å overnatte i Aurlandsdalen?							
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei							
Viss JA, korleis?	<input type="checkbox"/>	Ubetent hytte, som i DNT?	<input type="checkbox"/>	Betent hytte som i DNT?	<input type="checkbox"/>	Telt	
13) For deg som kjenner dalen frå før, eller er i ferd med å avslutte turen: Korleis samsvarar Aurlandsdalen med ditt «idealområde», jf. over?							
<input type="checkbox"/> Ikkje i det heile teke <input type="checkbox"/> Ganske greitt <input type="checkbox"/> Fullt samsvar <input type="checkbox"/> Veit ikkje							
14) Kvar har du funne skjema? Set kryss for staden du står no:							
<input type="checkbox"/>	Steinbergdalshytta	<input type="checkbox"/>	Østerbø	<input type="checkbox"/>	Aurlandsdalen turisthytte		
<input type="checkbox"/>	Sinjarheim	<input type="checkbox"/>	Vassbygdi				
TUSEN TAKK FOR HJELPA!							

Aurlandsdalen 2022

1) What is your town/country of residence?

If you live in Norway, please state your postcode:.....

If you live in another country, please state your country of residence:.....

2) Sex: Female Male Other

3) Age:
.....

4) What is the main purpose of this specific visit to Aurlandsdalen? (Please tick one of the boxes below)

Hiking Hunting/fishing If other, please state purpose:
.....

5) What is the duration of this specific hike?

1-day Several days If several days, where does the hike begin and end?
.....

6) Who are you hiking with? (Please tick one or several boxes)

Alone Partner/
spouse Family Friends Guided tour

7) Does your group include children below the age of 15?

No Yes, the age of the youngest child is: years

8) How many times have you visited Aurlandsdalen before?

None Number of summer
visits: Number of autumn
visits:..... Number of spring
visits:.....

9) Have you previously been on a hike, skiing trip, or boat trip lasting several days? (Any destination)

No, never 1-5 times 5 or more times

10) How did you get to the starting point of your current hiking trip? (Please tick one or several boxes)

By car	How easy was it for you to find your way?	<input type="checkbox"/> Very good	<input type="checkbox"/> OK	<input type="checkbox"/> Not good
By bus (Vassbygdi-Østerbø)	How well did the bus timetable suit you?	<input type="checkbox"/> Very good	<input type="checkbox"/> OK	<input type="checkbox"/> Not good
By train to Flåm and bus (Vassbygdi-Østerbø)	How good was the connection between train and bus?	<input type="checkbox"/> Very good	<input type="checkbox"/> OK	<input type="checkbox"/> Not good
Comment:				

/ Please turn the sheet over

11) Imagine that you were to take a hike lasting several hours in the summer, and that the area was adapted to your preferences and ideals. Would you view the following as positive or negative? (Please circle one number on each line)

	Very negative	Neutral	Very positive
Ready-made campsites equipped with a toilet, woodfire, a fireplace, and waste bins	1	2	3 4 5 6 7
Waste bins placed along the route	1	2	3 4 5 6 7
Marked trails in the area	1	2	3 4 5 6 7
Wood poles to step on where the trail crosses wet patches	1	2	3 4 5 6 7
Cabins serving food and offering overnight accommodation	1	2	3 4 5 6 7
Passing several other hikers on your way	1	2	3 4 5 6 7

12) Are you pleased with the current level of facilitation of hiking in Aurlandsdalen?

Pleased Quite pleased Not pleased

13) The cultural landscape and hiking trail through Aurlandsdalen are currently maintained by landowners and volunteers. If asked, would you be willing to contribute to this effort?

Yes No

14) If YES, how? (Please tick the appropriate boxes)

Small fee of NOK 30 per person Helping out (trail and fence maintenance work, hay mowing, etc.) Payment a little extra for accommodation and transport (raised prices)

15) Would you be interested in purchasing food and beverages in Aurlandsdalen?

Yes No

16) If YES, what price level would you prefer?

Low Medium High

17) Would you be interested in overnight accommodation in Aurlandsdalen?

Yes No

18) If YES, what type? (Please tick the appropriate boxes)

Self-service cabin Staffed cabin Tent

19) If you are previously acquainted with the valley or near the end of your hike: How well does the Aurlandsdalen area fit your notion of an «ideal area» (as previously mentioned)?

Not at all Quite OK Perfectly Don't know

20) Where did you find this form? (Please tick the box representing your current location)

Steinbergdalshytta Østerbø Aurlandsdalen turisthytte

Sinjarheim Vassbygdi

Thanks for your kind help!

INFORMANTEN

- 1) Kvar kjem du frå? Norge, kva er postnummeret ditt?
Ev kva land? Alder og kjønn:

TURERFARING

- 1) Har du tidlegare vore på fleirdagars fottur, skitur eller båttur? (Uansett område)

DENNE TUREN

- 1) Er det første gong du går Aurlandsdalen, eller har du vore her før?
- 2) Kva er føremålet med denne turen? (fottur, fiske/jakt eller anna?)
- 3) Er du dagstur eller fleirdagars tur (kva strekning)?
- 4) Dreg du aleine på tur eller er du saman med nokon?

Kven – partner/ektefelle, familie, vener eller organisert tur?

- 5) Er det born under 15 år i turfølgjet ditt? *Bore litt djupare, viss born er med*

Viss ja, er det noko som kunne ha vore annleis eller betre tilrettelagt for born?

- 6) Korleis kom du deg til utgangspunktet for turen?
 - a. Bil – fann du lett fram? Kva kunne ha vore betre?
 - b. Buss Vassbygdi-Østerbø – passa busstidene? Kva kunne ha vore betre?
 - c. Tog og buss – korleis var korrespondansen tog-buss? Kva kunne ha vore betre?

TILRETTELEGGING

- 7) Kor nøgd er du med tilrettelegginga (for friluftsliv) i sjølve Aurlandsdalen?

Fann du tilstrekkeleg informasjon på førehand, i så fall kvar fann du info (nettside, sosiale medium)? Kva med undervegs på vandreturen, er du nøgd med tilrettelegging av transport, sti, info og overnatting? Kva kunne ha vore annleis eller betre?

8) Er du interessert i å kjøpe mat og drikke under vandringsa i Aurlandsdalen?

Viss ja, kva prisnivå ev type mat (kaffi og vaffel, eller middagsservering)?

9) Ynskjer du å overnatte i Aurlandsdalen? Viss ja, korleis?

BIDRAG

Kvart år blir kulturlandskapet og stien i Aurlandsdalen vedlikehalde av grunneigarar og frivillige. Her kan ein fortelje litt om arbeidet som vert gjort for å sikre at informanten forstår kva som ligg i vedlikehaldet og innsatsen.

Eit viktig spørsmål for oss er om du som går i Aurlandsdalen kunne tenke deg å bidra i dette arbeidet, og ev på kva måte? Vil gjerne høyre synspunkt på:

-Eitt alternativ er ei **avgift** 30 NOK per person,

-ein anna måte å bidra på er å delta i ein **dugnad**, feks stirydding, slåttedag eller kantslått, vedlikehald av gjerder. Kva tid på året, årleg eller ein gong? Viss du vil bidra på dugnad, korleis ville folk bli ynskt kontakta? Korleis best gjere informasjon om dugnadsarbeidet tilgjengeleg for folk? På nett, via epostliste?

Viss nei, kvifor ikkje?

Vedlegg 4: Respondentane (spørjeskjema) sin heimstad oppgitt i kommunar og heimfylke.

111 respondentar av totalt 148 spørjeskjema oppgav postnummer i spørjeskjemaet. Dei andre spørjeskjema inneheld ikkje denne informasjonen.

Agder

1. 4618 Kristiansand

Møre og Romsdal

2. 6020 Ålesund
3. 6570 Smøla

Oslo

4. 0187 Oslo
5. 0464 Oslo
6. 0484 Oslo
7. 0484 Oslo
8. 0353 Oslo
9. 0368 Oslo
10. 0475 Oslo
11. 0495 Oslo
12. 0574 Oslo
13. 0580 Oslo
14. 0580 Oslo
15. 0585 Oslo
16. 0353 Oslo
17. 0358 Oslo
18. 0381 Oslo
19. 0569 Oslo
20. 0762 Oslo
21. 0367 Oslo
22. 0653 Oslo
23. 0657 Oslo
24. 0679 Oslo
25. 0681 Oslo
26. 0681 Oslo
27. 0686 Oslo
28. 0693 Oslo
29. 0870 Oslo

Rogaland

- 30. 4019 Stavanger
- 31. 4070 Randaberg
- 32. 4150 Rennesøy
- 33. 4049 Hafrsfjord
- 34. 4310 Hommersåk, Sandnes
- 35. 4327 Sandnes
- 36. 5541 Kolnes Karmøy

Vestfold og Telemark

- 37. 3140 Nøtterøy
- 38. 3121 Nøtterøy
- 39. 3173 Vear, Tønsberg
- 40. 3219 Sandefjord
- 41. 3259 Larvik
- 42. 3265 Larvik
- 43. 3772 Kragerø
- 44. 3919 Porsgrunn
- 45. 3919 Porsgrunn
- 46. 3970 Langesund
- 47. 3970 Langesund
- 48. 3970 Langesund
- 49. 3961 Stathelle

Trøndelag

- 50. 7041 Trondheim
- 51. 7020 Trondheim
- 52. 7048 Trondheim
- 53. 7053 Ranheim

Vestland

- 54. 5063 Bergen
- 55. 5081 Bergen
- 56. 5211 Bergen
- 57. 5211 Bergen
- 58. 5254 Sandsli, Bergen

59. 5037 Bergen
60. 5039 Bergen
61. 5073 Bergen
62. 5007 Bergen
63. 5009 Bergen
64. 5019 Bergen
65. 5108 Hordvik, Bergen
66. 5286 Osterøy
67. 5451 Valen
68. 5455 Halsnøy Kloster
69. 5455 Halsnøy Kloster
70. 5914 Isdalstø
71. 5993 Ostereidet

Viken

72. 3018 Drammen
73. 3046 Drammen
74. 3055 Krokstadelva
75. 3050 Mjøndalen
76. 3470 Slemmestad
77. 3442 Hyggen
78. 3550 Gol
79. 3570 Ål
80. 1341 Slependen
81. 1346 Gjettum
82. 1353
83. 1364 Fornebu
84. 1368 Stabekk
85. 1384 Asker
86. 1386 Asker
87. 1386 Asker
88. 1389 Heggedal
89. 1394 Nesbru
90. 1397
91. 1413 Tårnåsen
92. 1435 Ås
93. 1435 Ås
94. 1459 Nesodden
95. 1482 Nittedal
96. 1570 Dilling, Moss
97. 1605 Fredrikstad
98. 1654 Sellebakk
99. 1820 Spydeberg


- 100. 1820 Spydeberg
- 101. 1860 Trøgstad
- 102. 1923 Lillestrøm
- 103. 2008 Fjerdingby
- 104. 2053 Jessheim

Innlandet

- 105. 2214 Kongsvinger
- 106. 2665
- 107. 2312 Ottestad
- 108. 2317 Hamar
- 109. 2322 Ridabu
- 110. 2409 Elverum
- 111. 2760 Brandbu

Fylke	Tal personar
Agder	1
Møre og Romsdal	2
Oslo	26
Rogaland	7
Vestfold og Telemark	13
Trøndelag	4
Vestland	18
Viken	33
Innlandet	7
Totalt	111

Vedlegg 5: Teljingar i 2022 samanlikna med teljingar i 2021



Vedlegg 6: Samanlikning av teljing per veke i 2022, samanlikna med teljingar per veke i åra 2019-2021.

